



## **MASTEROPPGÅVE**

**Student:** *ESPEN AUSTRHEIM ERDAL*

**Tittel:** **PUMPE- OG EFFEKTKRAFTVERK I NORDFJORD**

### **1 BAKGRUNN**

I Nordfjord er områda rundt Svelgen, Bremanger og Ålfoten prega av kraftig nedbør og omfattande kraftutbygging frå mange ti-år. Det finnast også planar og utgreiinga som kan gje omfattande småkraft- og vindkraftutbygging i det same området. Storskala utbygging vil krevje balansering med andre kraftkjelder, avhengig av forholda mellom regulert og uregulert effekt. Vasskraftverk med magasin vil vere eit fyrsteval når det gjeld balansering av uregulert kraftproduksjon og oppgåva drøftar derfor potensialet for storskala pumpe- og effektkraftverk i det nemnte området.

Kraftverka i prosjektområdet eigast i hovudsak av Sogn og Fjordane Energi (SFE), direkte eller indirekte. Eksisterande kraftverk og magasin vil utgjere ein viktig del av grunnlaget for oppgåva, men studien er ikkje avgreinsa til berre å vurdere eksisterande magasin.

Effekt over lengre periodar, t.d. veker, kan berre leverast av kraftverk med store magasin. Dimensjonering av pumpekraftverk kan derfor gjerast med fleire ulike utgangspunkt som t.d.

- Pumping av vatn frå låge nivå til langtidsmagasinering (som t.d. på Sira-Kvina og Ulla Førre)
- Pumping/køyring basert på hyppige prisvariasjonar (t.d. frå time til time)
- Pumping/køyring i periodar med/utan tilgang på uregulert energi
- Stabilisering av variasjonar i nettet (spenning/frekvens)
- Andre

### **2 CEDREN**

Det arbeidast for tida innanfor CEDREN-programmet (Center for environmental friendly renewable energy) på NTNU/Sintef med scenarier for korleis kraftmarknaden vil utvikle seg m.o.p. betalingsvilje for balansekraft (pumpekraft). Fram til at slike scenarier er på plass, må dimensjonering av pumpe- og effektkraftverk baserast på eitt eller fleire av følgjande fysiske forhold:

- Tidsseriar for vind
- Tidsseriar for nedbør/uregulert produksjon frå vannkraftverk
- Magasin- og produksjonskapasitet i kraftverk med magasin.
- Forbruksmønster i lokalt- og/eller eksportområde
- Andre

Tilgjengelege scenarier frå CEDREN og eigne analyser for Nordfjord vil danne grunnlag for vurderingar og simuleringar for nye pumpe- og effektkraftverk i området.

### **3 GJENNOMFØRING AV OPPGÅVA**

Arbeidet med oppgåva kan delast inn i fire fasar:

#### **3.1 Bakgrunnsmateriale**

Tidlegare prosjektrapportar, nyare studier for kraftsituasjonen i Nordfjord (Ørskog – Fardal), tilgjengelege vassførings- og vinddata og nytt materiale ifrå CEDREN må danne eit samla grunnlag for studiet. Materialet skal leie fram mot eit dimensjoneringsgrunnlag, slik at pumpe- og effektkraftverk kan utformast og optimaliserast ut ifrå dette. Det er viktig at tilgjengeleg materiale frå både elkraft, maskin og bygg kjem som grunnlagsmateriale i oppgåva.

#### **3.2 Val av løysing**

Ut ifrå anerkjente metodar skal eitt eller fleire alternativ finnast for etablering av storskala pumpe- og effektkraftverk. Valet skal grunngjenvært og alle forutsetningar for val og for vidare utforming skal listast opp.

Det er viktig å vise korleis ulik installert uregulert effekt vil påverke løysingane for eit pumpe- eller effektkraftverk.

#### **3.3 Etablering av simuleringsmodell**

Det må nyttast ein reknemodell, eigenutvikla eller tilgjengeleg, for å vurdere korleis pumping/produksjon vil bli samkjørt med vindkraft og anna vasskraftproduksjon.

#### **3.4 Detaljering**

Med løysinga frå 3.2 og optimaliserte verdiar frå 3.3. skal eitt eller fleire pumpe- og effektkraftverk detaljerast til eit slikt nivå at det kan reknast relevante kostnadar for bygging. Det vil seie hovuddimensjonar på alle installasjonar og element, med høgder på element og plassering av alle hovedelement i horizontalplanet. Forutsetningar og eventuelt andre viktige forhold må listast opp. Med bruk av fleire alternative løysingar må det visast kva slag forhold som vil føre til val av kvart alternativ.

## **4 KONTAKTPERSONAR**

NTNU	Leif Lia, Professor, formell rettleiar Ånund Killingtveit, Professor, medrettleiar
SFE	Tormunn Skarstad, siv.ing.
NVE	Kjell Erik Stensby, siv.ing.

Det vil bli etablert ei uformell gruppe av alle master- og PhD-studentar som arbeider med pumpekraftverk på IVM.

Det vil i tillegg vere aktuelt å knytte kontakt med fagmiljø som er aktive innanfor studier av pumpekraftverk som Sintef/CEDREN, EnergiNorge, NVE, Vannkraftlaboratoriet NTNU m.fl.

## **5 RAPPORTFORMAT, REFERANSAR OG ERKLÆRING**

Oppgåva skal skrivast i eit tekstbehandlingsprogram slik at figurar, tabellar, foto osb. får god rapportkvalitet. Rapporten skal innehalde eit samandrag, ei innholdsliste, ei liste over figurer og tabellar, ei litteraturliste og opplysningar om andre relevante referansar og kjelder. Oppgåva skal leverast i A4 format som pdf i DAIM og trykkast i tre eksemplar som leverast faglærer/institutt.

Samandraget skal ikkje ha meir enn 450 ord og skal være eigna for elektronisk rapportering.

Masteroppgåva skal ikkje leverast seinare enn mandag 11. juni 2012.

Trondheim, 16. januar 2012

---

Leif Lia  
Professor



## **Forord**

Masteroppgåva er skrive våren 2012, ved Institutt for Vann- og Miljøteknikk, IVM, NTNU. Etter fleire år med sommarjobb i Sogn og Fjordane Energi på Sandane, fekk eg tilbod om samarbeid både i prosjekt -og masteroppgåve. Masteroppgåva er delvis ei vidareføring av prosjektoppgåva ”Opprusting og utviding av kraftverk i Øksnevad”, skrive hausten 2011.

Arbeidet har vore lærerikt, og ikkje minst har det vore interessant å utvikle ein eigen modell. Mykje av tida er brukt på å få modellen til å fungere tilfredsstillande, noko som ikkje framgår av rapporten. Arbeidet har likevel vore heilt sentralt for å få fram dei resultata som er presentert.

Underteikna ønskjer å rette ein spesiell takk til rettleiar ved NTNU, professor Leif Lia, for gode innspel både i utviklinga av modell og i etterarbeidet. SFE, med Tormunn Skarstad og Jan Inge Erdal i spissen, har vore svært hjelsame gjennom heile prosessen. Elles må medstudentar på kontor 2-66 også takkast, for godt samarbeid og gode diskusjonar.

God sommar!

---

Espen Erdal  
Trondheim, Juni 2012



## Samandrag

Den nordiske kraftmarknaden er i endring, mellom anna som følgje av utbygging av mykje uregulert produksjon i Noreg og Europa. Uregulert produksjon må balanserast, og Noreg har reguleringsmagasin som kan nyttast til formålet. Det er to alternativ for å utnytte eksisterande reguleringsmagasin betre: auke slukeevna (effektverk) eller bygge pumpekraftverk. Det tekniske potensialet i Noreg er kartlagt i fleire rapportar, men inntektpotensialet er ikkje studert i detalj. Stor usikkerheit i inntektpotensialet gjer det vanskeleg for kraftprodusentar å forsvare investeringar i effekt- eller pumpekraftverk. Rapporten gjer ei teknisk-økonomisk tilnærming, og vurderer kva som skal til for å forsvare investeringane.

Rapporten ser nærmare på ein region i Sogn og Fjordane med aukande kraftoverskot. Oppgåveområdet har fleire store regulerte vasskraftsystem og småkraft (elvekraftverk  $\leq 10$  MW) har tilført mykje uregulert produksjon inn i nettet siste 10 åra. Småkraftpotensialet er likevel langt frå realisert, og samtidig er det gode vilkår for vindkraft. I rapporten er det vurdert korleis ulike nivå av uregulert produksjon i regionen påverkar dei regulerte vasskraftverka.

Ein kraftsystemanalyse er utført. Simuleringsperioden er ut frå tilgjengelige data valt til 2004-2009, med ein times oppløysing. Resultata viser at det er sesongvariasjonar i den uregulerte produksjonen. For kraftsystemet er det særleg småkraft som gir problem, fordi produksjonstoppene kjem samtidig med fulle magasin og stort tilsig til anna vasskraft. Pris er implementert i modell for å sjå korleis marknadsmekanismar påverkar val av installasjon i nye effekt- og pumpekraftverk. Effekt- og pumpekraftverk utnyttar kortsiktige prisskilnader i marknaden, men dagens spotpris har små kortsiktige skilnader. I oppgåva er difor prisskilnadane skalert for å setje eit mål på kva marknadssituasjon som er nødvendig for å forsvare investeringane.

Auke av installasjon i eksisterande kraftverk (effektverk) er vurdert til å vere beste måten å utnytte reguleringsmagasina i regionen. Mykje ny uregulert produksjon set større krav til regulert vasskraft, først og fremst for å ha fridom til å unngå produksjonstoppene. Truleg vil omlegging av køyremønster på reguleringsmagasin, kombinert med auka slukeevne, vere ei god løysing. Det er anbefalt brukstid i området 2500-3000 timer for nye kraftverk.

Effektauke i tre kraftverkssystem i Bremanger er studert. Med 20 øre/kWh døgnvariasjon i marknaden, er det funne økonomisk grunnlag til å senke gjennomsnittleg brukstid i anlegga frå 4900 til 3100 timer. Høge vedlikehaldskostnader av eksisterande kraftverk og potensial for ny kraftproduksjon forsvarar mykje av investeringane i ny effekt.

Pumpekraftverk er først aktuelt i eit system dominert av uregulert produksjon. I eit slikt scenario, er beste lokalitet vurdert til å vere mellom Isavatn og Bjørndalen, med ein installasjon i området 100-200 MW. Magasinkapasiteten i regionen er vurdert til å vere for liten til å regulere sesongvariasjonane i uregulert produksjon. Truleg er dei større einingane i Indre Sogn meir aktuelle til eit slikt formål.

Optimaliseringa er basert på inntektsgrunnlaget i spotprismarknaden. Regulerkraftmarknaden og andre aktuelle inntektskjelder er ikkje med, og må vurderast ved endelig val av installasjon.



## Summary

The last decade there has been a significant development of unregulated renewable energy sources both in Norway and rest of Europe, and more will come. This situation increases the demand for balancing services. With 50 % of Europe's reservoir capacity, Norwegian hydropower may contribute both national and international. Within existing reservoirs, there are two main options: increase the capacity (installation) or building pumped storage capacity. Other reports have already covered the technical potential for balancing services in Norway, and there is no doubt that the existing system has a substantial potential for increased balancing capacity. However, in order to justify huge investments, reliable revenues are required. Techno-economic issues are evaluated in this report.

The report considers a region in the Western part of Norway with a huge potential for unregulated renewable energy, mostly unregulated hydro (run-of-river) and wind power. The region has already a substantial amount of regulated hydro power. The report seeks to determine the optimal utilization of the reservoirs, and how the amount of unregulated energy influences the choice of capacity in power plants or pumped storage plants.

A power system analysis is performed for the region studied. The simulation period is from 2004-2009, with one hour time resolution. Elspot price is implemented in the model, to see how it affects the choice of capacity in the power plants and pumped storage plants. Power plants and pumped storage plants exploit price differences on short time basis, but todays Nordic elspot prices have small differences. However, with an increasing level of transnational power trading in the coming years, the Nordic power market may be exposed to the European intra-day changes, which are larger. Price differences are scaled in the model, to find the level at which investments are profitable.

The analyses show that power plants with increased capacity is the best way to exploit existing reservoirs. In a system dominated by unregulated energy, is it important to avoid the time periods where the transmission system is fully utilized. A techno-economic optimizing recommends 2500-3000 full load hours in new power plants.

Three hydro power systems in Nordfjord are studied. With 0.2 NOK/kWh intra-day price difference, it is economical to decrease from todays 4900 to 3100 full load hours. High maintenance cost and potential for higher power generation are the main drivers behind the suggested expansions.

Results given by the model developed, show that pumped storage capacity is best fitted in a system dominated by unregulated energy sources. With the reservoirs available in the region, a pumped storage installation in the range of 100-200 MW in Isavatn serves the system at best. The analysis show that huge reservoirs are needed to balance the seasonal variations caused by unregulated energy sources. Regional power plants with larger reservoirs (Indre Sogn) are probably better suited for this task.

Huge investments in balancing hydro power have to take all possible revenues into consideration. Spot market, regulation market and long term contracts are possible sources for income. This report evaluates only the spot market.



# Innhald

<b>1 Innleiing</b>	<b>1</b>
<b>2 Litteraturstudie</b>	<b>3</b>
2.1 Nasjonal og internasjonal situasjon . . . . .	3
2.1.1 Noreg og Norden . . . . .	3
2.1.2 Tyskland og Europa . . . . .	5
2.2 Ulike løysingar . . . . .	5
2.2.1 Effektverk . . . . .	6
2.2.2 Pumpekraftverk . . . . .	7
2.3 Vindkraft . . . . .	8
<b>3 Bakgrunnsmateriale</b>	<b>11</b>
3.1 Definisjon av region . . . . .	11
3.2 Nettsituasjon . . . . .	12
3.3 Eksisterande kraftproduksjon . . . . .	14
3.3.1 Uregulert kraftproduksjon . . . . .	14
3.3.2 Regulert kraftproduksjon . . . . .	15
3.4 Potensial for ny kraftproduksjon . . . . .	16
3.4.1 Vasskraft . . . . .	16
3.4.2 Vindkraft . . . . .	18
3.5 Forbruk . . . . .	19
<b>4 Modell</b>	<b>21</b>
4.1 Inndata . . . . .	21
4.1.1 Forbruk . . . . .	21
4.1.2 Uregulert kraftproduksjon . . . . .	22
4.1.3 Regulert vasskraftproduksjon . . . . .	24
4.1.4 Pumpekraftverk . . . . .	26
4.1.5 Spotpris . . . . .	27
4.1.6 Produksjonsscenario . . . . .	29
4.2 Beskriving av modell . . . . .	30
4.3 Kontroll av modell . . . . .	32
<b>5 Resultat av analyse</b>	<b>33</b>
5.1 Generelle resultat . . . . .	33
5.2 Resultat Scenario 1 . . . . .	37
5.2.1 Effektverk . . . . .	38
5.2.2 Pumpekraftverk . . . . .	41

5.3	Resultat Scenario 2 . . . . .	45
5.3.1	Effektverk . . . . .	46
5.3.2	Pumpekraftverk . . . . .	47
<b>6</b>	<b>Tolkning av resultat</b>	<b>49</b>
6.1	Hovudkonklusjonar . . . . .	49
6.2	Scenario 1 . . . . .	51
6.3	Scenario 2 . . . . .	51
<b>7</b>	<b>Kostnadsoverslag</b>	<b>53</b>
7.1	Føresetnader . . . . .	53
7.2	Effektverk . . . . .	55
7.2.1	Øksenvane . . . . .	56
7.2.2	Åskåra 3- Øvre Bredvatn . . . . .	58
7.2.3	Svelgen 2 . . . . .	59
7.2.4	Svelgen 3 . . . . .	60
7.3	Pumpekraftverk . . . . .	62
7.3.1	Isavatn . . . . .	63
7.3.2	Svartervatn . . . . .	65
<b>8</b>	<b>Optimalisering</b>	<b>67</b>
8.1	Effektverk . . . . .	67
8.1.1	Øksenvane . . . . .	68
8.1.2	Åskåra 3- Øvre Bredvatn . . . . .	68
8.1.3	Svelgen 2 . . . . .	69
8.1.4	Svelgen 3 . . . . .	69
8.2	Pumpekraftverk . . . . .	70
8.3	Oppsummering optimalisering . . . . .	71
<b>9</b>	<b>Diskusjon</b>	<b>73</b>
9.1	Modell . . . . .	73
9.2	Effektverk . . . . .	74
9.3	Pumpekraftverk . . . . .	74
9.4	Miljø . . . . .	75
9.5	Vidare arbeid . . . . .	76
<b>10</b>	<b>Konklusjon</b>	<b>77</b>
<b>Referansar</b>		<b>79</b>
<b>Vedlegg</b>		<b>I</b>
<b>A Forbruksprognose</b>		<b>III</b>
<b>B Kostnadsutrekning</b>		<b>V</b>
<b>C Optimalisering</b>		<b>XIII</b>
<b>D Skript til modell</b>		<b>XVII</b>

# Figurar

2.1 Scenario for det norske vasskraftsystemet . . . . .	4
2.2 Kostnader for pumpekraftverk . . . . .	8
3.1 Kart over oppgåveområdet . . . . .	11
3.2 Sentralnett i Sogn og Fjordane . . . . .	13
3.3 Oversikt over planlagde utenlandsforbindelsar . . . . .	14
3.4 Potensial for småkraft fordelt på kommunane . . . . .	17
3.5 Forbruket i regionen siste 10 år . . . . .	19
3.6 Forbruksprognose for Sogn og Fjordane . . . . .	20
4.1 Variasjonar i alminnelig forbruk i SFE sitt nett (2011) . . . . .	21
4.2 Produksjonsdata for Ryssdalen kraftverk . . . . .	22
4.3 Produksjonsdata for Eidsfossen kraftverk . . . . .	23
4.4 Simulert produksjonsdata for vindkraftverk på Marafjellet . . . . .	23
4.5 Samla produksjon for dei uregulerte kjeldene i 2011 . . . . .	24
4.6 Typiske magasinkurver for Store Åskårvatn . . . . .	25
4.7 Typiske tilsigskurver for Åskåra . . . . .	25
4.8 Gjennomsnittleg døgnvariasjon i forbruk og spotpris i 2011 . . . . .	27
4.9 Konstruerte prisvariasjonar innanfor døgnet . . . . .	28
4.10 Konstruerte prisvariasjonar knytt til uregulert produksjon . . . . .	28
4.11 Inndata i modell . . . . .	31
4.12 Kontroll: Samanlikning av gjennomsnittleg oppnådd spotpris . . . . .	32
5.1 Kraftflyt i typisk simulering . . . . .	34
5.2 Verknad av effektauke . . . . .	35
5.3 Samvariasjon mellom simulert uregulert produksjon og pumpekraft . . . . .	36
5.4 Magasinfyllingar i eit typisk år . . . . .	36
5.5 Scenario 1.1: Kraftflyt . . . . .	37
5.6 Scenario 1.2: Kraftflyt . . . . .	38
5.7 Scenario 1.1: Energitap som funksjon av brukstid i effektverket . . . . .	39
5.8 Scenario 1.2: Energitap som funksjon av brukstid i effektverket . . . . .	39
5.9 Scenario 1.1: Oppnådd spotpris som funksjon av brukstid i effektverket . . . . .	40
5.10 Scenario 1.2: Oppnådd spotpris som funksjon av brukstid i effektverket . . . . .	40
5.11 Scenario 1.1: Magasinfylling i pumpekraftverket for ulike prisscenario . . . . .	42
5.12 Scenario 1.1: Økonomi pumpekraftverk . . . . .	43
5.13 Scenario 1.2: Økonomi pumpekraftverk . . . . .	44
5.14 Scenario 2: Kraftflyt . . . . .	45
5.15 Scenario 2: Energitap som funksjon av brukstid i effektverket . . . . .	46
5.16 Scenario 2: Oppnådd spotpris som funksjon av brukstid i effektverket . . . . .	46

5.17 Scenario 2: Magasinfylling i pumpekraftverket for ulike prisscenario . . . . .	47
5.18 Scenario 2: Økonomi pumpekraftverk . . . . .	48
7.1 Plassering av dei utvalte effektverka . . . . .	56
7.2 Øksenvane: Vertikalsnitt for nytt kraftverk . . . . .	57
7.3 Åskåra 3 - Øvre Bredvatn: Vertikalsnitt for nytt kraftverk . . . . .	58
7.4 Svelgen 2: Vertikalsnitt for nytt kraftverk . . . . .	60
7.5 Svelgen 3: Vertikalsnitt for nytt kraftverk . . . . .	61
7.6 Isavatn: Plassering av pumpekraftverk . . . . .	63
7.7 Isavatn: Vertikalsnitt for pumpekraftverk . . . . .	64
7.8 Svartevatn: Plassering av pumpekraftverk . . . . .	65
7.9 Svartevatn: Vertikalsnitt for pumpekraftverk . . . . .	65
8.1 Øksenvane: Marginalbetraktnng . . . . .	68
8.2 Åskåra 3- Øvre Bredvatn: Marginalbetraktnng . . . . .	68
8.3 Svelgen 2: Marginalbetraktnng . . . . .	69
8.4 Svelgen 3: Marginalbetraktnng . . . . .	69
8.5 Marginalbetraktnng for pumpekraftverk . . . . .	70

# Tabellar

2.1 Hovuddata for norsk elkraftproduksjon . . . . .	6
3.1 Uregulert kraftproduksjon . . . . .	14
3.2 Regulert vasskraftproduksjon . . . . .	15
3.3 Større kjende vasskraftprosjekt . . . . .	16
3.4 Prognosar for ny produksjon . . . . .	17
3.5 Kjende vindkraftprosjekt . . . . .	18
4.1 Prisscenario . . . . .	29
4.2 Produksjonsscenario . . . . .	29
5.1 Scenario 1: Hovuddata . . . . .	37
5.2 Scenario 1.1: Utvalte data for pumpekraftverk . . . . .	41
5.3 Scenario 1.2: Utvalte data for pumpekraftverk . . . . .	44
5.4 Scenario 2: Hovuddata . . . . .	45
5.5 Scenario 2: Utvalte data for pumpekraftverk . . . . .	47
7.1 Postar i kostnadsutrekning . . . . .	55
7.2 Utvalte kraftverk for effektauke . . . . .	56
7.3 Øksenelvane: Hovuddata for nytt kraftverk . . . . .	56
7.4 Øksenelvane: Kostnad for effektauke . . . . .	57
7.5 Åskåra 3 - Øvre Bredvatn: Hovuddata for nytt kraftverk . . . . .	58
7.6 Åskåra 3 - Øvre Bredvatn: Kostnad for effektauke . . . . .	59
7.7 Svelgen 2: Hovuddata for nytt kraftverk . . . . .	59
7.8 Svelgen 2: Kostnad for effektauke . . . . .	60
7.9 Svelgen 3: Hovuddata for nytt kraftverk . . . . .	61
7.10 Svelgen 3: Kostnad for effektauke . . . . .	61
7.11 Pumpekraftverk: Hovuddata for vurderte alternativ . . . . .	62
7.12 Isavatn: Kostnadsestimat . . . . .	64
7.13 Svartevatn: Kostnadsestimat . . . . .	66
8.1 Oppsummering optimale installasjoner . . . . .	71



# 1. Innleiing

Energisystemet i Noreg vart fram til 1990 bygd opp med tanke på sikker energileveranse, og staten styrte utbygginga. Føresetnadane har endra seg, og i dag er det marknadsmekanisme som styrer. Energimarknaden er i sterk endring, og det er politiske diskusjonar kring Noregs rolle som energiprodusent. Internasjonalt er fokuset stort på å byggje ut ny fornybar kraftproduksjon, og uregulerte energikjelder som vindkraft og solkraft vert utbygd i stor skala. Uregulerte fornybare energikjelder gir store kortsiktige variasjonar i produksjon, og medfører behov for regulering. Også i Noreg blir det bygd ny uregulert kraftproduksjon, i hovudsak i form av småkraft (elvekraftverk  $\leq 10$  MW) og noko vindkraft. Småkraftpotensialet er stort og ein del er allereie utbygd. Grunna god økonomi i prosjekta og elsertifikatordninga som er innført, vil det kome mykje småkraft neste åra. Potensialet for vindkraftproduksjon er også stort, men dagens prisnivå gir dårleg lønsemd. Utbyggingstakta av uregulert produksjon er vanskeleg å spå, og vil avhenge av politisk vilje og prisutvikling. Elsertifikatordninga innført 01.01.2012 har mål om 26.4 TWh i Noreg og Sverige innan 2020 (NVE 2011a).

SFE er eit kraftselskap med mykje regulert vasskraftproduksjon i Sogn og Fjordane, med hovudvekt i Nordfjord. Svelgen, Åskåra og Øksenelvane er i SFE sitt eige, direkte eller indirekte, og mange av kraftverka i systema er eldre enn si tekniske levetid. Innanfor ein tiårsperiode må kraftverka fornyast. I hovudsak er det to alternativ: ruste opp eksisterande kraftverk eller byggje nytt. Behov for rehabilitering, høge brukstider og potensial for ny produksjon gjer det aktuelt med nybygg i fleire av vassdraga.

Det vil kome mykje ny uregulert produksjon i Sogn og Fjordane, med dei utfordringar det gir for energisystemet. Truleg vil reguleringsmagasina få større verdi enn dei har i dag. Rapporten fokuserer på å finne beste måten å utnytte eksisterande reguleringsmagasin, enten det er i form av effektverk (vasskraftverk med låg brukstid) eller pumpekraftverk. Ein simulatingsmodell er sett opp som ein del av arbeidet. Målet er å gi anbefalingar for plassering og val av effektinstallasjon både for effekt- og pumpekraftverk ut frå ei teknisk-økonomisk optimalisering.



## 2. Litteraturstudie

### 2.1 Nasjonal og internasjonal situasjon

Noreg har gode føresetnader for fornybar energiproduksjon. Høge fjell og mykje nedbør har lagt grunnlag for ein elektrisitetsproduksjon beståande av 99% vasskraft, noko som er heilt unikt i verdssamanheng (NVE 2012). Til samanlikning kjem mesteparten av produksjonen i Europa frå forureinande kraftverk. Det er politisk vilje i EU for å auke andelen elektrisitetsproduksjon frå fornybare kjelder. Ikkje berre skal CO<sub>2</sub>-utsleppa ned, mykje av atomkrafta skal også fasast ut. Ulykka i Japan i 2011 sette verkeleg fart i diskusjonane kring atomkraft, og Tyskland vedtok å leggje ned all atomkraft innan 2022 (Statnett 2012). For å nå dei ambisjonsrike måla, er det i hovudsak satsa på solkraft og vindkraft. Satsinga er ikkje problemfri, ikkje minst for leveringsstabiliteten. Eit energisystem med stort innslag av uregulerte kjelder treng balansekraft. Balansering kan løysast på fleire måtar: energi-lagring, store nettstrukturar eller høg andel kraftverk med moglegheit for rask regulering av effekt (CEDREN 2011b). Det er fleire teknologiar under utvikling, men med slike energimengder det er snakk om, er det ikkje mange reelle alternativ. Vasskraft med reguleringsmagasin er eit av dei, og med 50% av magasinkapasiteten i Europa har Noreg ein sterk posisjon (NVE 2012). Vasskraft har fortrinn det er vanskelig å konkurrere med, ikkje minst fordi det er snakk om enorme dimensjonar på energisistema som skal handterast. Høg verknadsgrad, kjend teknologi, mykje eksisterande infrastruktur (magasin og nett) og stor energikapasitet er blant dei viktigaste.

#### 2.1.1 Noreg og Norden

Den norske og nordiske elmarknaden går ei usikker tid i møte. Noreg og Sverige har gått saman om ei felles elsertifikatordning, som skal gje 26.4 TWh ny fornybar produksjon innan 2020. På same tid kjem det ny fornybar produksjon i Danmark og Finland, eit kjernekraftverk på 10 TWh i Finland og auka linjekapasiteten frå Russland til Finland (hovudsakleg for å auke kraftflyten mot Norden) (NVE 2012).

Energibruken i husholdningar og tenesteytande næringar har flata ut siste 10 åra, etter mange år med vekst. Endringa kjem blant anna som følgje av varmare klima, høgare energiprisar, fleire varmepumper og meir energieffektive bygningar. Også i industrien har forbruket flata ut etter lang tids vekst. Årsaka er nedleggingar og meir effektiv energibruk. Prognosar tilseier at husholdningar og industri vil ha ei vidare flat utvikling, medan tenesteytande næringar vil ha ein låg vekst. Totalt er det forventa ein forbruksvekst mindre enn 1 % i åra som kjem, mot 2 % i tidligare år. Einaste sektoren det er venta stor vekst er i petroleumsindustrien. Elektrifisering av sokkelen har auka forbruket av elektrisitet frå 1 TWh i 1995 til ca 6 TWh

i 2010. Statnett forventar at forbruket vil ligge ein stad mellom 7-10 TWh i 2020 (NVE 2011b).

Grunna utviklinga innan forbruk og produksjon, er det lite som tyder på at kraftprisen vil stige i åra som kjem. Eit stadig aukande kraftoverskot, nedleggingar innan industri og liten entusiasme for å byggje nye utanlandskablar, gir liten grunn til optimisme. I dag ligg kraftprisen rundt 35 øre/kWh og mange langsiktige prisprognosar ligg i same område. Det var knytt store forventningar til elsertifikatprisen når ordninga vart innført 1.Jan 2012, men så langt har prisen vore låg. I skrivande stund er prisen ca 14 øre/kWh. Prisnivået gjer mange vasskraftprosjekt lønsame, men storstilt vindkraftutbygging føreset truleg høgare prisnivå. Dei beste vindkraftprosjekta er kostnadsrekna til å vere lønsame med kraftpris rundt 50 øre/kWh, medan gjennomsnittet er rundt 60 øre/kWh (Kvernevik 2012). Spotpris og elsertifikatpris gir til saman i underkant av 50 øre/kWh i dag.

Omfattande utbygging av småkraft og vindkraft kan gje nettmessige utfordringar. I hovudsak er det to alternativ til å handtere mykje uregulert kraftproduksjon i nettet. Kraftig utbygging av nasjonalt nett med tilhøyrande sterke utanlandsforbindelsar eller lokal handtering av energitoppne. Mange regionar er prega av flaskehalsar som legg store begrensningar for ny produksjon. Pumpekraftverk eller effektverk kan vere eit alternativ til store nettinvesteringar, men med dagens marknad er ein avhengig av incentiv for å gjere slike løysingar aktuelle.

CEDREN (Centre for Environmental Design of Renewable Energy) har definert tre scenario for utvikling av norsk vasskraft fram mot 2030. Figur 2.1 gir oversikt over sceneria og kva utfordringar dei inneber.

	<b>Limited development 0-5 GW in 2030</b>	<b>20 GW in 2030</b>	<b>Green battery 50 GW in 2030/2050</b>
<b>Policy/society</b>	Norway's energy policy is to have cheap and reliable electricity supply to Norwegian customers. Other countries have built their own balance capacity.	Norway's energy policy is based on publicly accepted climate agreements. Norwegian balancing power is part of EU's climate goals.	Norway will be the "green battery" of Europe. This will allow countries like Germany, to have 100 % renewable electricity supply.
<b>Market</b>	Little market integration. Norway will have low electricity prices in regions with small scale hydro, wind power and low demand.	Long term bilateral contracts backed up by the states. Incentives for market integration. New market mechanisms for trading balancing services.	Long term contracts for balancing, backed up by the states. New market mechanisms and incentives for balancing services.
<b>Transmission</b>	Bottlenecks in the Norwegian grid. New cables to DK, NL and GE with a total capacity of 5 GW.	10 GW transmission capacity to SE, DK, NL, GE and UK in 2025, and 10 GW in 2030. North Sea Supergrid.	Minimum 42-69 GW transmission capacity out of Norway European Supergrid.
<b>Generation</b>	Many new small scale hydro and onshore wind power. Increased capacity in some existing power plants.	Upgrading of existing power plants and new pumped storage units. Geographical distribution: 13 GW South-West, 3 GW North, 4 GW Central and East Norway.	Extended use of existing reservoirs. New power plants and reservoirs.

Figur 2.1: Scenario for det norske vasskraftsystemet (CEDREN 2011b)

Scenario 1 er ei vidareføring av dagens situasjon med nasjonale interesser i fokus. Scenario 2 involverer 20 GW ny effekt innan 2030, og ein vesentlig auke i kraftutvekslinga med andre land. Scenario 3 er ei fullskala utbygging av det norske vasskraftsystemet for å hjelpe EU til å nå 20-20-20-målet, der Noreg yter 50 GW balanseeffekt. EU's 20-20-20-mål er ei målsetting om 20 % reduksjon i klimautslapp, 20 % lågare energibruk og 20 % fornybar kraftproduksjon innan 2020 (NVE 2012). 50 GW ny effekt er nær tredobling av dagens installerte effekt

i Noreg. Scenario 2 og 3 er avhengig av sterkt politisk vilje, og eit nært samarbeid over landegrensene.

### **2.1.2 Tyskland og Europa**

Tyskland er eit av dei mest ambisjonsrike landa på kontinentet og dei utgreier realismen i å oppnå 100% fornybar energiproduksjon innan 2050. Rapporten “Climate-friendly, reliable, affordable: 100% renewable electricity supply by 2050” tek for seg problemstillinga. Konklusjonen er at det er mogleg innanfor fornuftige økonomiske rammer med ein merkbar reduksjon i forbruk, ein robust og sterkt internasjonal nettstruktur, stor lagringskapasitet og sterkt samkøyring av ulike former for fornybar produksjon. Ulike scenario er definert, og nokre av dei mest kostnadseffektive involverer skandinavisk vasskraft. Dei store magasina i Noreg er tenkt nytta som kortsiktige energilager. Magasina vert fylt på vindfulle og solrike dagar på kontinentet, og tappa når produksjonen er låg. I rapporten er det inkludert eit bidrag på 50 GW frå skandinavisk vasskraft, som samsvarar med CEDREN sitt scenario 3 (SRU 2010).

Tradisjonelt har Tyskland importert kraft. I 2011 vedtok Tyskland å leggje ned all atomkraft. Mykje er allereie fasa ut, og innan 2022 skal alle kjernekraftverk vere ute av produksjon (TU 2012). Fram til finanskrisa i 2008 vart fransk kraftproduksjon importert til den tyske marknaden. Som følgje av finanskrisa i 2008 gjekk forbruket i Tyskland merkbart ned. Forbruket har ikkje teke seg opp att, og på same tid har ny fornybar produksjon meir enn erstatta kjernekrafta som er fasa ut. I 2011 var Tyskland netto eksportør av elektrisk energi (Haugnes 2012).

Tyskland har ikkje lenger behov for ekstern kraftproduksjon, men eksterne balansetenester. Sør-Noreg kan, ved bygging av nye utanlandsforbindelsar, levere balansetenester innanfor dagens utbyggingsrammer. Ei endring og ombygging av systemet er likevel naudsynt. I dag vert det jobba for å ha nye kablar på plass til Tyskland i tidsrommet 2019-20, altså nokre år fram i tid. Tidspunktet høver godt med fristen for elsertifikat i 2020.

## **2.2 Ulike løysingar**

Diskusjonen kring Noregs energisystem har pågått i fleire år, med hovudfokus på utveksling av kraft med Europa. Det aukande kraftoverskotet kan enten eksporterast eller nyttast til å skape nye arbeidsplassar innanlands. Kraftkrevjande industri har vore ein viktig verdiskapar i det norske samfunnet, og er eit godt alternativ til å eksportere overskotsenergi.

Uansett løysing er Noreg avhengig av stabil energileveranse. Noreg har mykje regulert vasskraft, med store reguleringsmagasin for sesonglagring. Det norske systemet har tradisjonelt hatt god tilgang på balansekraft, i motsetning til dei fleste andre land. Balansekraft vert nytta for å balansere forbruk og produksjon. Stadig større innslag av uregulert kraftproduksjon, vil gje utfordringar også her til lands. Allereie no byrjar ein enkelte stader å merke verknadane. I Sogn og Fjordane har kraftprodusentane dei siste åra måtte tilpasse produksjonen i stor grad etter småkrafta. Kraftverk med reguleringsmagasin har i dag ei viktig rolle i leveringsstabiliteten, utan å få særleg betalt for det. Dersom dei store kraftselskapa vert meir forretningsretta, kan situasjonen endre seg. Selskapa som styrer regulerkrafta i avgrensa

regionar kan i høglastsituasjonar styre marknaden og utnytte det til eiga vinning (Haugnes 2012). Effektkraftverk (kraftverk med låg brukstid) eller pumpekraftverk kan vere gunstig i slike situasjonar.

### 2.2.1 Effektverk

Tabell 2.1 gir nøkkeltal for norsk kraftproduksjon i 2012 (NVE 2012):

Tabell 2.1: Hovuddata for norsk elkraftproduksjon

Installert kapasitet	29600	[MW]
Midlere årlig produksjon	123.5	[TWh]
Brukstid	4200	[t]
Magasinkapasitet	85	[TWh]

Gjennomsnittlig brukstid er 4200 timer. Mange av dei gamle, store vasskraftverka vart dimensjonert for stabil energileveranse til industrien. Grunna jamn last fekk kraftverka høg brukstid og liten fleksibilitet. Stort innslag av uregulert produksjon, vil gje behov for å auke fleksibiliteten i eksisterande regulerte vasskraftverk. Ved å auke effektinstallasjonen vil ein oppnå betydeleg balansekraftkapasitet utan nye større naturinngrep. Magasinkapasiteten i landet er 69 % av årsmiddelproduksjon.

Rapporten “Økt installasjon i eksisterende kraftverk- Potensial og kostnader” utført av Norconsult på oppdrag frå NVE, tek for seg potensialet for balansekraft innanfor eksisterande inngrep. 89 kraftverk med til saman 17 000 MW installasjon, 66.4 TWh årlig produksjon og 3900 timer gjennomsnittlig brukstid vart valt ut. Kraftverka har eit potensial på 16 500 MW ny effekt ved å senke brukstida til 2000 timer. Rapporten tek vidare for seg 5 av kraftverka og vurderer tekniske løysingar og kostnader ved ombygging. Kostnaden varierer frå 2-8 mill. NOK/MW. Store installasjonar gav lågast utbyggingspris. Goulas kraftverk i Troms er eit av dei kostnadsrekna kraftverka. Dagens installasjon er 80 MW, og middel årsproduksjon 320 GWh. Utbyggingsprisen for kraftverket varierte frå 4,5- 7.8 mill. NOK/MW. Ein uforholdsmessig lang vassveg (19 km) utgjorde 60 % av totalkostnaden (NVE 2011c).

Ein rapport publisert av SINTEF, “Økt balansekraftkapasitet i norske vannkraftverk” har ei anna vinkling på problemet. Studien tek utgangspunkt i sju store eksisterande kraftverksystem. Medan Norconsult tok utgangspunkt i brukstimar, tek SINTEF utgangspunkt i vasstandsendring i øvre og nedre magasin. Maksimal vasstandsendring i magasin er sett til 14 cm/time av miljømessige årsaker. Hovudscenariet tek for seg 12 nye kraftverk med ein samla effektinstallasjon på 11 200 MW. Fem av kraftverka er pumpekraftverk (5 200 MW) og sju er effektverk (6 000 MW). Studien viser at kapasiteten i undersøkte kraftverk kan aukast med 18 200 MW utan å overstige vasstandsendring på 14 cm/time. I magasin tilknyttta pumpekraftverk vil ein truleg få tidligare oppfylling av magasinet på våren, grunna stor vindkraftproduksjon i vintermånadane. Hurtige vasstandsendringar kan også gje problem med tanke på indre erosjon, damsikkerheit og generell tryggleik i området (is) (CEDREN 2011a).

Rapportane produsert av SINTEF og Norconsult har utelukkande tekniske vinklingar. Konklusjonen frå rapportane er at det er teknisk mogleg å møte hovudscenariet til CEDREN om 20 000 MW ny effektinstallasjon. Det økonomiske perspektivet, altså inntektpotensialet,

er ikkje studert. For kraftselskapa som skal ta investeringsbeslutninga, er det økonomiske perspektivet minst like viktig i prosessen. Kva er gunstig brukstid i eit vasskraftverk med god magasinkapasitet for å utnytte marknaden mest mogleg effektivt? 2000, 3000 eller 4000 brukstimar? Eit av måla med oppgåva er å kome med forslag til fornuftig brukstid i eit effektverk.

## 2.2.2 Pumpekraftverk


Som ein følgje av den store auken i uregulert produksjon i Noreg og Europa, er det eit stadig aukande behov for balansekraft og lagring av energi. Pumpekraftverk er ein effektiv måte å lagre energi på. Eit effektverk vil kunne dekke etterspurnaden ved låg uregulert produksjon, men vil ikkje ha moglegheit til å lagre overskotsenergi når uregulert produksjon overstig etterspurnaden. Pumpekraftverk i Noreg har fleire potensielle inntektskjelder (NVE 2011d):

- Inntekter frå utanlandske kraftmarknader via prisdifferanse (krev sterke forbindelsar).
- Inntekter frå sal av regulertenester til utlandet (krev også sterke forbindelsar).
- Sparte nettinvesteringar på grunn av betre utnytting av innanlands kraftnett.
- Betre forsyningssikkerheit lokalt i Noreg (innanlands regulertenester).

Oppsummert har eit pumpekraftverk to hovudinntektskjelder: prisdifferanse og nett- /regulertenester. Energisystemet i Noreg får i dag frekvensregulering tilnærma gratis frå regulerte vasskraftverk, så det mest sannsynlige inntektpotensialet er å utnytte prisdifferansar i marknaden eller å levere systemtenester til utlandet. Fleire nye, sterke utanlandsforbindelsar må kome på plass før pumpekraftverk er aktuelt for internasjonale regulertenester.

Det er i dag 9 pumpekraftverk i Noreg, der Saurdal i Rogaland er det største med ein installert pumpeeffekt på 320 MW. Dei eksisterande pumpekraftverka er bygd for sesonglagring frå sommar til vinter, i tillegg til betre utnytting av tilsiget (Fornybar.no 2012). Foreløpig er ingen pumpekraftverk i Noreg bygd for kortsiktig regulering. Sira-Kvina kraftselskap konsejonssøkte i 2007 eit pumpekraftverk på 960 MW ved Tonstad kraftverk. Grunngjevinga for å investere var tru på større behov for regulertenester og større prisvariasjonar i marknaden. Marknadsendringane ville kome som følgje av kablar til utlandet og utbygging av småkraft, vindkraft og kjernekraft i Norden. Søknaden vart seinare trekt grunna stor usikkerheit i lønsemada i prosjektet(NVE 2012). I norske forskingsmiljø og hos kraftselskapa er det likevel endå stort fokus på å forske på pumpekraftverk.

På oppdrag frå NVE utarbeida Vattenfall rapporten “Pumpekraft i Noreg”. Rapporten vurderer kostnader ved ombygging av fire eksisterande vasskraftverk til pumpekraftverk. NVE velde ut kraftverka basert på nokre kriterium, der dei viktigaste var eksisterande regulatingsmagasin, gode nettforbindelsar og region med potensial for mykje ny uregulert kraftproduksjon. Tre alternativ vart rekna på: slukeevne som gav tömming/fylling av magasin på 24 timer, 72 timer eller 60 dagar. Figur 2.2 gir oversikt over dei kostnadsrekna alternativa (NVE 2011d).



Figur 2.2: Kostnader for pumpekraftverk med ulik installert effekt (NVE 2011d)

Som figur 2.2 viser, er alternativa mellom 18-1500 MW og kostnaden varierer fra 3.2-20 mill. NOK/MW. Einingskostnaden for store installasjonar er generelt billigare enn for små installasjonar. Små pumpekraftverk er generelt dyre på grunn av minstetverrsnitt i vassvegen og mykje elektrisk utstyr som er tilnærma likt for store og små installasjonar. Det er også ein trend at stor trykkhøgd gir lågare kostnader. Fagervollan er alternativet med størst trykkhøgd, 227 m, og har lågast kostnader for alle alternativ.

Det internasjonale energibyrået har studert den nordiske kraftmarknaden og konkludert med at det er rom for mykje ny uregulert produksjon i Noreg. Om konklusjonane stemmer er det lite sannsynleg at det vil oppstå ein marknad for pumpekraft i Noreg innanfor rimeleg tid. Det må understrekast at studien ikkje var detaljert, og det kan vere lokale og regionale forhold som endrar føresetnadane (IEA 2011).

## 2.3 Vindkraft

Vindkraft er ei uregulert energikjelde. Produksjonen varierer mykje frå dag til dag, og må balanserast av andre energikjelder. Vindressursane i Noreg er gode, og representerer eit stort potensial for ny fornybar produksjon.

Vasskraftprosjekt i Noreg har generelt god lønsemrd. Vindkraftprosjekta er dyrare, og gjer det vanskelig å spå kor mykje vindkraft som blir utbygd neste 10-15 åra i Noreg. “Mulighetsstudie

for landbasert vindkraft 2015 og 2025” utarbeidd av Enova og NVE i samarbeid, vurderer det teknisk realiserbare potensialet av landbasert vindkraft i Noreg. I 2008 låg totalkostnaden for utbygging av vindkraft på 11-15 mill. NOK/MW. Grunna stort press på leverandørar og høge råvarereprisar har prisen auka frå tidligare år. Studien finn at ei utbygging av 5500 MW vindkraft vil koste om lag 82 mrd. NOK. Ved å legge til grunn ein investeringskostnad på 15,5 mill. NOK/MW, kraftpris 45 øre/kWh, 3000 timer gjennomsnittlig brukstid, 20 års levetid og eit avkastningskrav på 8 %, vart det rekna ut eit støttebehov på 24 mrd. NOK, eller omlag 30 % av totalinvesteringa. Analysar viser at lønsemda er meir avhengig av brukstid enn for eksempel kraftpris og investering-og driftskostnader. Det er difor nærliggande å tru at vindkraftutbyggingar skjer i område med gode vindressursar. Kjeller Vindteknikk sine data viser at vindressursane ved kysten av Sogn og Fjordane er blant dei beste i landet (NVE 2008). NVE har uttalt at kysten av Bremanger kommune er blant dei aller beste lokalitetane for vindkraft både på land og til havs (NVE 2012).

Det er lite tilgjengelig litteratur om samhandlinga mellom småkraft og vindkraft. Oppgåveområdet er eit av dei aller mest aktuelle i landet for stort innslag av både småkraft og vindkraft, og er difor eit egna område for analyse. SINTEF utførte ein studie i Nordland, ”Samkøyring av vind- og vasskraft”, med hovudfokus på samhandlinga mellom uregulert produksjon og vasskraft. Innslaget av småkraft er mindre i Nordland, og i studien var samhandlinga mellom vindkraft og eitt enkelt regulert vasskraftverk studert. Studien tok sikte på å optimalisere energisystemet, utan at økonomi og marknadsprinsipp var teke med. Konklusjonen frå studien viser heilt klart at ein kan gjere plass til meir vindkraft ved å gje den uregulerte kraftproduksjonen ”forkøyrsrett” (NVE 2011e).



# 3. Bakgrunnsmateriale

Sogn og Fjordane Energi (SFE) er ein mellomstor energiprodusent på Vestlandet, med hovudsete på Sandane i Nordfjord. Konsernet står føre store investeringar i åra som kjem. Energisystemet i Noreg er i sterkt utvikling, og ei internasjonalisering av systemet vil påverke investeringsgrunnlaget og utviklinga av næringa. Dersom dei rette politiske grepene vert gjort, er det potensial for at energi kan bli ei stor og viktig eksportvare for Noreg.

## 3.1 Definisjon av region

SFE har hovedverkeområde i Sogn og Fjordane, utanom Indre Sogn. Det er valt å definere ein region som femmer SFE sine interesser i størst mogleg grad. Grensa er sett i sør ved den nye transformatorstasjonen i Sogndal og i nord ved fylkesgrensa til Møre og Romsdal, sjå figur 3.1.



Figur 3.1: Kart over oppgåveområdet

Figur 3.1 viser at regionen utgjer Sogn og Fjordane fylke, med unntak av Indre Sogn og sørsva av Sognefjorden. Aurland og Lærdal er i liten grad knytt til energisystemet i fylket, men har sterke transportlinjer austover og sørover. Luster og Årdal er knytt mot sentralnettet via transformatorstasjonen i Fardal. Lastflytanalsar utført av SFE i samband med “Regional kraftsystemutgreiing for Sogn og Fjordane 2011” viser at produksjonen frå Luster og Årdal i stor grad blir transportert via Fardal, over Sognefjorden til Aurland (SFE Nett 2011). Ved å la Luster og Årdal “disponere” store deler av kapasiteten over Sognefjorden, er Indre Sogn ekskludert frå regionen og oppgåveområdet forenkla.

Vidare i kapittelet er data for oppgåveområdet presentert. Der ikkje anna er definert, er informasjonen henta frå rapporten “Regional kraftsystemutgreiing for Sogn og Fjordane 2011” (SFE Nett 2011).

## 3.2 Nettsituasjon

Kraftnettet i regionen gjennomgår ei storstilt renovering. Frå Sogndal (Fardal) til Ørskog i Møre og Romsdal, består nettet i dag av eit svakt sentralnett og eit omfattande regionalnett. Generelt kan ein seie at sentralnettet har 132 kV spenning og regionalnettet 66 kV spenning. Mykje av nettet vart bygd på 50-talet og må snart skiftast ut.


### Sentralnettet

Den gamle sentralnettlinja (132 kV) frå Fardal til Ørskog er i ferd med å bli erstatta av ei ny 420 kV linje. Endelig konsesjon vart gitt desember 2011 (Statnett 2012). Linja skal etter planen stå ferdig i 2015/16. Kapasiteten aukar frå dagens 150 MW til 1500 MW, og vil utgjere ein sterk stamme i nettet. Linja gjer det mogleg å byggje ut ny lokal kraftproduksjon, og i tillegg vert forsyninga til Midt-Noreg forbetra. Nettet i regionen er sprengt, og alle nye konsesjonssøknader er sett på vent. Det er planlagt nye 420 kV transformatorstasjonar i Ålfoten, Moskog, Høyanger og Sogndal (gamle Fardal) i Sogn og Fjordane. Linja med nye transformatorstasjonar er vist i figur 3.2.

Linja frå Sogndal til Aurland er andre transportvegen ut av regionen. I dag er det ei 132 kV linje, med 300 MW kapasitet. Statnett gjer utgreiingar for å erstatte/oppgradere linja, og ei ny linje kan tidligast stå klar i 2018. Ei ny linje vil truleg få 420 kV spenning, og ein kapasitet på 2-3000 MW (Skrivarvik 2012).

### Regionalnettet

Regionalnettet har også stort behov for utbetring, og består i hovudsak av 66 kV og 22 kV linjer. SFE Nett eig mykje av linjenettet i regionen. Dei har levert konsesjonssøknader for å erstatte dagens 66 kV linjer med 132 kV linjer. Konsesjonssøknaden gjeld strekningane frå Ålfoten til Sandane/Reed og frå Ålfoten til Eid. Planen er at linjene skal stå ferdig i 2015/2016. Liknande prosjekt er under planlegging i kystnære strøk for å møte behovet ved storstilt vindkraftutbygging.



Figur 3.2: Sentralnett i Sogn og Fjordane


Dei nye 420 kV transformatorstasjonane vist i figur 3.2 vert naturlege knutepunkt i nettet i regionen. Ein ekstra transformatorstasjon i Flora kommune (mellan Moskog og Ålfoten) er vurdert, men er først aktuell dersom det blir storskala vindkraftutbygging.

### Eksportkapasitet ut av fylket

Ei massiv utbygging av ny fornybar energi kan gje eksportproblem frå regionen. Det er i praksis to alternativ: auke eksportkapasiteten eller regionalt forbruk (industrivekst). Nye sentralnettslinjer ut av fylket er under planlegging, men minkande importbehov i tilstøytande regionar kan likevel gje eksportproblem (Skrivarvik 2012).

Truleg er det nødvendig med utanlands kablar dersom volumet av ny produksjon blir stort. I samband med ”Systemutredning av sentralnettet i Vestlandsregionen”, vart potensialet for utanlands kablar studert. Eksport til Storbritannia er mest aktuelt for nordvestlandet. Ulike plasseringar vart vurdert, blant anna Grov i Flora kommune. Konklusjonen var at plassering for ein eventuell kabel til Storbritannia, er mest gunstig ved Kvilldal i Rogaland. For Sogn og Fjordane vil plasseringa føresette ein sterkt sentralnettsakse nord-sør på Vestlandet. Utbetring av flaskehalsen Sogndal-Aurland vil vere heilt nødvendig (Statnett 2011).

Det er planar om fleire nye utanlands kablar. I kva grad kablane i sørlege delar av Noreg vil påverke Sogn og Fjordane, er uvisst. Ein er avhengig av å oppgradere sentralnettet, og skape sterke transportlinjer nord-sør. Dagens linjenett er bygd for transport vest-aust. Det er også ein føresetnad at kablane vert fasa inn som ein del av sentralnettet, utan monopol for enkeltaktørar (Kvernevik 2012). Figur 3.3 gir oversikt over dei ulike prosjekta.



Figur 3.3: Oversikt over planlagde utenlandsforbindelsar

Som figur 3.3 viser er ny planlagd kapasitet til saman 7000 MW, i tillegg til dagens kapasitet på ca 5100 MW (Statnett 2012). Skagerrak 4 er under bygging, og skal etter planen stå klar i 2014. Dei andre prosjekta er endå på planleggingsstadiet.

### 3.3 Eksisterande kraftproduksjon

#### 3.3.1 Uregulert kraftproduksjon

Dei siste 10 åra er mykje småkraft utbygd i Noreg. Mange av kraftverka er bygd i Sogn og Fjordane, og potensialet er fortsatt stort. Siste åra er utviklinga bremsa av manglende nettkapasitet. Den nye 420 kV linja vil løyse problemet, og gje rom for mykje ny småkraft i regionen. Tabell 3.1 viser ei oversikt over utbygd uregulert produksjon.

Tabell 3.1: Uregulert kraftproduksjon

	Effekt [MW]	Årsprod. [GWh]	Brukstid [t]
Småkraft	300	1300	4300
Større elvekraft	60	340	5600
Vindkraft	23	65	2900

Volumet av småkraft har allereie kome opp i 300 MW i regionen, og potensialet er fortsatt stort. I gruppa større elvekraftverk er det hovudsaklig gamle kraftverk bygd før 2.verdskrig.

Dei tre anlegga i Gloppeelva (Trysilfoss, Eidsfossen og Evebø kraftverk) er gode eksempel. Vindkraft er berre representert med Mehuken vindpark i Vågsøy.

### 3.3.2 Regulert kraftproduksjon

Regulert kraftproduksjon utgjer størsteparten (70 %) av energiproduksjonen i regionen, oppsummert i tabell 3.2. Svelgen, Åskåra og Øksnelvane er eigd av SFE, og utgjer nærmere 45 % av regulert vasskraft i oppgåveområdet. Høyanger (Statkraft), Kjøsnesfjorden (Sunnfjord Energi) og Mel (SFE) er einingar av same storleik.

Tabell 3.2: Regulert vasskraftproduksjon

Kraftverk	Kommune	Effekt [MW]	Årsprod. [GWh]	Brukstid [t]	Magasin [GWh/%]
Åskåra	Bremanger	130	546	4700	267 / 49 %
Øksnelvane	Bremanger	38	190	5000	149 / 78 %
Svelgen	Bremanger	115	648	5600	313 / 48 %
Mel	Balestrand	52	212	4100	117 / 55 %
Kjøsnesfjorden	Jølster	84	247	2900	67 / 27 %
Høyanger II-V	Høyanger	140	891	6400	337 / 38 %
Skogheim/Sagefoss	Gloppen	16	61	3800	21 / 34 %
Askvoll (5 kraftverk)	Askvoll	15	70	4700	14 / 20 %
Årøy 2	Sogndal	20	93	4700	19 / 20 %
Mo	Førde	10	35	3500	
Nedre Svultingen	Hyllestad	9	35	3800	
<b>SUM</b>		<b>630</b>	<b>3030</b>	<b>4800</b>	<b>1300 / 43 %</b>

Samla installert effekt er 630 MW, og samla årsproduksjon rett i overkant av 3000 GWh. Gjennomsnittleg brukstid er høgare enn landsgjennomsnittet, jamfør tabell 2.1. Kraftverka i Svelgen (5600 timer) og Høyanger (6400 timer) er bygd for industri, og trekk opp gjennomsnittet.

## 3.4 Potensial for ny kraftproduksjon

### 3.4.1 Vasskraft

#### Større vasskraftprosjekt

Mykje av potensialet for større vasskraft er allereie utbygd, men det er også nokre nye prosjekt under planlegging. Tabell 3.3 viser oversikt over kjende prosjekt. Det er hovudsaklig utbygging av eksisterande regulerte system eller større elvekraftverk (NVE 2012).


Tabell 3.3: Større kjende vasskraftprosjekt

Kraftverk	Kommune	Ny effekt [MW]	Ny prod. [GWh]	Status
<b>Regulert vasskraft</b>				
Eiriksdal	Høyanger	56	110	Under bygging
Leikanger Kraftverk	Leikanger	77	184	Konsesjonssøkt
Ny Øksnenelvane	Bremanger	30	27	Under utgreiing
Øvre Brevatn - Åskåra	Bremanger	90	60	Under utgreiing
<b>Større Elvekraftverk</b>				
Stardalen kraftverk	Jølster	16	49	Konsesjonssøkt
Breim Kraftverk	Gloppe	32	98	Konsesjonssøkt
Jølstra	Jølster	50	180	Under utgreiing
Gjengedalen	Gloppe	50	130	Melding sendt
<b>Sum</b>		<b>401</b>	<b>838</b>	

Eiriksdal kraftverk er under bygging og kjem på nett i 2013. Kraftverket er ei opprusting av Høyanger-systemet. Dei andre regulerte vasskraftprosjekta er konsesjonssøkt eller under utgreiing. Elvekraftverka er omstridde, så det er lite truleg at alle vert utbygde.

#### Småkraft

I 2004 utførte NVE ei kartlegging av potensialet for småkraft i Noreg. Sogn og Fjordane er ifølgje rapporten fylket med størst potensial, med eit totalpotensial på 6000 GWh (NVE 2004). Figur 3.4 viser fordelinga mellom kommunane i fylket. Mykje av potensialet ligg i oppgåveområdet, med hovudvekt i kommunane Gloppen, Bremanger, Jølster, Flora og Høyanger.



Figur 3.4: Potensial for småkraft fordelt på kommunane (NVE 2004)

Ressursar med anteke utbyggingspris under 5 NOK/kWh er teke med. Dei grøne og rauda felta har utbyggingspris i området 0-3 NOK/kWh, medan det gule har pris 3-5 NOK/kWh. Av figur 3.4 er det tydelig at mykje av småkrafta i fylket er billig å bygge ut.

### Prognose for ny vasskraft i 2025

Basert på potensial og konsesjonssøkte prosjekt per dags dato, vart det i “Regional kraftsystemutgreiing for Sogn og Fjordane 2011” laga prognosar for ny vasskraftproduksjon i regionen innan 2025 (SFE Nett 2011). Prognosen er vist i tabell 3.4.

Tabell 3.4: Prognosar for ny produksjon

	I dag	Låg	Middels	Høg
	[MW]	[MW]	[MW]	[MW]
Større Vasskraft Sogndal-Leivdal	630	700	850	1000
Småkraft Sogndal-Leivdal	300	700	900	1150

Eit middels anslag ligg på 800 MW ny installasjon i regionen, med 600 MW ny småkraft og 200 MW større vasskraft. I dag er det konsesjonssøkt 250 MW småkraft i regionen, og erfaring tilseier at få konsesjonssøkte småkraftverk i regionen vert avviste (Skrivarvik 2012). Kraftverk med til saman 100 MW har fått konsesjon, men er ikkje utbygd. Den låge prognosan byggjer på desse tala, medan den høge prognosan reflekterer kommersielt potensial frå NVE-kartlegginga. Den høge prognosan for større vasskraft (370 MW ny installasjon) stemmer bra med sum av prosjekta presentert i tabell 3.3.

### 3.4.2 Vindkraft

Vindressursane i Sogn og Fjordane er gode, både for landbasert og offshore vindkraft. Utbyggingstakta vil vere avhengig av politisk vilje, støtteordningar, kraftpris, miljømessige forhold og lokal motstand. Slik situasjonen er i dag, er tilskot nødvendig for å gjere vindkraftprosjekt lønsame. Høg pris på elsertifikata kan sette fart i utbyggingane. Mehuken i Vågsøy er einaste utbygde vindkraftverk i regionen, med 23 MW installert effekt. Tabell 3.5 viser ei oversikt over kjende vindkraftprosjekt i oppgåveområdet.

Tabell 3.5: Kjende vindkraftprosjekt


Namn	Kommune	Status	Effekt [MW]	Årsprod. [GWh]
<b>Landbasert</b>				
Lutelandet	Fjaler	Konsesjon gitt	55	120
Mehuken II	Vågsøy	Konsesjon gitt	18	46
Testområde Stadt	Vågsøy(+)	Konsesjon gitt	10	35
Mehuken I	Vågsøy	Konsesjon gitt	4	11
Ulvegreina	Solund	Konsesjon søkt	138	400
Ytre Sula	Solund	Konsesjon søkt	140	450
Ytre Sula	Solund	Konsesjon søkt	8	22
Okla	Selje	Konsesjon søkt	21	65
Hennøy	Bremanger	Melding mottatt	35	64
Bremangerlandet	Bremanger	Melding mottatt	110	355
Vågsvøg	Vågsøy	Melding mottatt	24	63
Folkestad	Fjaler	Melding mottatt	70	170
Guleslettene	Flora(+)	Melding mottatt	180	490
Kyrkjestein	Flora(+)	Melding mottatt	41	107
<b>SUM</b>			<b>854</b>	<b>2398</b>
<b>Offshore</b>				
Stadtwind	Vågsøy	Melding mottatt	1080	4500

Tabell 3.5 viser at sum konsesjonssøkte og innmelde planar på land er i storleik 850 MW. Det ligg også føre planar for ca 1000 MW offshore vindkraft i området Stadthalvøya. Nettforsterkingar er heilt klart nødvendig dersom mykje vindkraft vert realisert, særleg i dei kystnære stroka. Den nye 420 kV linja vil ha stor overføringskapasitet, og ein ekstra transformatorstasjon på Grov i Flora Kommune er under utgreiing. Grov ligg nært mange av dei store vindkraftplanane og vil vere eit gunstig tilknytingspunkt.

## 3.5 Forbruk

Totalt årsforbruk i Sogn og Fjordane har dei siste 10 åra variert mellom 6400 og 7800 GWh. Det alminnelige forbruket ligg i området 1500-2000 GWh, medan den kraftkrevjande industrien i Årdal (3200 GWh), Høyanger (900 GWh) og Svelgen (700 GWh) står for mesteparten av industriforbruket. Middelproduksjonen er 14200 GWh, noko som gjer fylket til storeksportør av energi. Mykje av produksjonen er i Indre Sogn.

I oppgåveområdet er tala lågare. Industrien i Høyanger og Svelgen er med i regionen, og utgjer ei grunnlast på 1600 GWh. Det alminnelige forbruket er i storleik 1500 GWh i eit normalår. Den totale produksjonen i oppgåveområdet var 4400 GWh i 2010, derav 3100 GWh regulert vasskraftproduksjon og 1300 GWh uregulert produksjon (jamfør tabell 3.2 og 3.1). Figur 3.5 viser utviklinga i forbruk i perioden 2003-2010.




Figur 3.5: Forbruket i regionen siste 10 åra

Det er ein synkande trend i forbruket ifølgje figur 3.5. Nedstenging av søderberg-anlegget (300 GWh) i Høyanger i 2006 medførte nedgang i forbruket til kraftkrevjande industri, men noko er kompensert gjennom høgare utnytting av gjenverande prebakeomnar. Svelgen-anlegget har hatt redusert drift i periodar med dårlige prisar. Det alminnelige forbruket er relativt stabilt, men det er ein markert botn i 2010. Lågt forbruk i 2010 kan delvis forklaraast av ein mild vinter.

Ein forbruksprognose utarbeidd av SFE er presentert i figur 3.6.

### Energiprognose, basis + mogelege industriprosjekt.



Figur 3.6: Forbruksprognose for Sogn og Fjordane (SFE Nett 2011)

Prognosene tek for seg utviklinga av industri i fylket. Potensialet for nytt forbruk er ny aluminiumsproduksjon i Høyanger, gruvedrift i Naustdal eller elektrifisering av nordlege Nordsjø. Statnett legg til grunn 800 GWh, med forsyninga frå Grov i Flora kommune, som eit høgt scenario for elektrifisering av sokkelen. Det alminnelige forbruket aukar minimalt. Totalt kan ein forvente at veksten vert alt frå 0 til nærmare 2500 GWh neste 10-15 åra. Prognosene følgjer den nasjonale utviklinga, beskrive i kapittel 2.


# 4. Modell

Ein modell er sett opp for å simulere kraftsystemet i oppgåveområdet. Tidsseriar for forbruk, uregulert produksjon (småkraft, vindkraft og større elvekraft) og regulert vasskraftproduksjon (magasinkurver, tilsig etc) er henta frå SFE-systemet (SFE 2012b). Ein lukka region er konstruert, der einaste sambandet med resten av systemet er linjer for import og eksport. Det er ikkje teke omsyn til produksjon/forbruk i tilstøytande regionalar og kapasitet i regionalnettet. Det er ein føresetnad at regionalnettet vert utbygd i same takt som ny produksjon. Simuleringsperioden er valt til 2004-2009, ut frå tilgjengelige data. Modellen har timesoppløysing.

## 4.1 Inndata

### 4.1.1 Forbruk

Forbruket i regionen er mindre enn produksjonen, og over halvparten er grunnlast frå industrien. Industriforbruket har jamn belastning på nettet, medan alminnelig forbruk har årlege variasjonar. Forbruksdata for SFE Nett sitt verkeområde er gjort tilgjengelig, med daglige data for heile simuleringsperioden. Data for 2011 er vist i figur 4.1.




Figur 4.1: Variasjonar i alminnelig forbruk i SFE sitt nett (2011)

Figur 4.1 viser at forbruket er 40 % lågare i sommarmånadane enn på vinteren. I modellen er alminnelig forbruk i tillegg fordelt ulikt over døgnet, med 15 høglasttimar (0700-2200) og ni låglasttimar. Basert på timesdata frå Nordpool, er alminnelig forbruk sett 50 % høgare i høglasttimar enn låglasttimar, jamfør figur 4.8 (Nordpool 2012).

### 4.1.2 Uregulert kraftproduksjon

#### Småkraftverk

Småkraftproduksjon utgjer som tidligare nemnt eit av dei store potensiala for ny kraftproduksjon i regionen. I dei fleste høve er det ingen form for regulering av slik produksjon. Eit lite buffermagasin er vanleg, men regulerer berre på timebasis. All småkraftproduksjonen er samla til eit stort kraftverk i modellen. Produksjonsdata frå Ryssdalen kraftverk i Gloppe Kommune er sett på som eit representativt kraftverk, og data frå kraftverket er skalert til ønskja total installasjon. Ryssdalen kraftverk var tidleg i småkraftbølgja, og starta produksjonen allereie i 1999. Installert effekt er 1.5 MW, med ein middel årsproduksjon på 5 GWh. SFE har gitt tilgang til produksjonsdata med timesoppløysing tilbake til 2001, og kraftverket er difor egna til å bruke i modellen (SFE 2012b). Ein portefølje av småkraftverk vil jamne kvarandre ut, både på grunn av geografiske avstandar og ulike typar nedbørsfelt. Samla døgnproduksjonen for kraftverket er fordelt likt over døgnet, for å unngå urealistisk store variasjonar i produksjon. Typiske produksjonsseriær for kraftverket er vist i figur 4.2.




Figur 4.2: Produksjonsdata for Ryssdalen kraftverk

Figur 4.2 viser at det er stor produksjon på vårparten (snøsmelting) og hausten (haustflaum). På vinteren er det generelt låg produksjon, men nokre produksjonsperiodar kjem i samband med mildver.

#### Større elvekraftverk

Større elvekraftverk er ikkje dominerande i regionen, men er likevel teke med for å gjere energimixen i systemet realistisk. I dag utgjer den installerte kapasiteten av slike kraftverk rundt 60 MW. Det er nokre nye større elvekraftverk under planlegging i regionen (Stardalen, Jølstra og Breim). Generelt kan ein seie at elvekraftverka er gamle, og med høg brukstid. Eidsfossen kraftverk er eit representativt elvekraftverk, med produksjonsstart allereie i 1917. Kraftverket har 7 MW installert effekt, 43 GWh middel årsproduksjon og 6100 timer brukstid (SFE 2012b). I modellen er elvekraftverka samla til eitt større kraftverk, og produksjonsdata frå Eidsfossen er skalert til ønskja installasjon. Typiske produksjonsseriær for Eidsfossen kraftverk er vist i figur 4.3.




Figur 4.3: Produksjonsdata for Eidsfossen kraftverk

Figur 4.3 viser at produksjonen er relativt jamn fra tidleg vår til langt ut på hausten. Berre nokre få månadar i vinterhalvåret er produksjonen låg grunna lite tilsig.

## Vindkraft

I dag er det ein vindpark i regionen, Mehuken i Vågsøy (23 MW). Det er difor lite tilgjengelige produksjonsdata. Vestavind Kraft (delvis eigmeld av SFE) utviklar vindkraftprosjekt i regionen. Mellom anna jobbar dei med fleire prosjekter i Bremanger kommune. Som ein del av prosjekteringa er det utført vindmålingar fleire stader i kommunen. Selskapet har gitt tilgang til vindmålingar på Marafjellet i Bremanger, med oppløysing på 10 min. Målingane er gjort frå juni 2010 til september 2011 (Vestavind Kraft 2012). Ein lengre tidsserie er generert til ønskja simuleringsperiode ved å bruke måleserien fleire gongar. Måleserien er skalert mot lengre tidsseriar frå Kråkenes fyr i Vågsøy og Ytterøyane fyr i Flora for å gi ein representativ årsmiddelproduksjon (Meterologisk Institutt 2012). I måleperioden var middelvinden 10 % lågare enn normal årsmiddel både på Ytterøyane og Kråkenes fyr, og vindserien frå Marafjellet er justert opp 10 %. Figur 4.4 viser ei normalisert produksjonskurve.



Figur 4.4: Simulert produksjonsdata for vindkraftverk på Marafjellet


Figur 4.4 viser at det er store variasjonar i produksjonen. Produksjonen er størst på vinter og haust. Døgnproduksjon for ønskja mengde installert vindkraft finn ein frå kurva ved å

multiplisere med installert effekt og 24 timer. Omforming av vindhastigkeit til energi er gjort ved bruk av ei effektkurve frå Siemens, for vindturbin av typen Siemens SWT 3.0-101 (Siemens Wind 2012). Berekningar gjort av Vestavind i programmet WindPRO, gir ein parkeffektivitet på 96 % og ei brukstid på 3590 timer for Marafjellet (Kvernevik 2012). Ved å legge inn ei verknadsgrad på 95 % blir den simulerte brukstida 3600, noko som stemmer godt med Vestavind sine berekningar. For å få ei viss utjamning av produksjon som ein portefølje av vindparkar vil gje, er vindproduksjonen fordelt likt over timane i døgnet.

Som nemnt i kapittel 3, er vindressursane i området gode. 3600 brukstimar er uvanleg høgt, og talar for at regionen er blant dei mest ideelle stadane i landet for å byggje vindkraft. Erfaring viser likevel at det kan vere vanskelig å oppnå så høg brukstid, men med ny teknologi vert vindressursane stadig betre utnytta.

### Samla uregulert produksjon

Produksjonsseriane viser at det er store variasjonar i den uregulerte produksjon, noko som vil gje utfordringar i nettet. Figur 4.5 viser samla uregulert produksjon for år 2011. Installert mengde vindkraft og småkraft er lik, og større elvekraft utgjer ein relativt låg andel av mixen (< 5 %).



Figur 4.5: Samla produksjon for dei uregulerte kjeldene i 2011


Figur 4.5 viser at dei uregulerte kjeldene supplerer kvarandre deler av året. Medan vindkrafta har store deler av produksjonen i vinterhalvåret, har småkrafta tyngda av produksjon frå april til oktober. Det er to markerte toppar i den samla produksjon, ein på vårparten (mai-juni) og ein på seinsommaren (august-oktober). Toppen på seinsommaren er hovudproblem, då regulerte vasskraftverk har fulle magasin og stort tilslig. Det er viktig å påpeike at køyremønsteret på reguleringsmagasina truleg vil endre seg ved stort innslag av uregulert kraftproduksjon. Ei slik endring er ikkje teke omsyn til i simuleringane.

#### 4.1.3 Regulert vasskraftproduksjon


70 % av kraftproduksjon i regionen kjem frå regulert vasskraft, og SFE eig mykje av produksjonen. Svelgen, Åskåra og Øksnelvane er kraftverk bygd for 40-60 år sidan, og dei står

ovanfor større rehabiliteringar i åra som kjem. Ved nybygg er det i realiteten to alternativ som er vurdert: auke av effekten (effektverk) eller installering av pumpekraftverk.

SFE har gitt tilgang til magasinvolym og produksjonsdata for alle kraftverk dei eig. Kraftverka i Åskåra står for over 10 % av produksjonen i oppgåveområdet og har god magasinkapasitet. Nedslagsfeltet innehar også ein vesentleg andel bre (20 %), noko som er typisk for regionen. Åskåra er vurdert som representativt for regionen, og brukt for å simulere tilsig og magasinkurve for alle vasskraftverk med reguleringsmagasin. Data for tilsig og magasinkurver er tilgjengelig for heile simuleringsperioden (2004-2011). Store Åsgårdsvatn er største magasinet i vassdraget, og valt som representativt magasin. Tilsiget er funne av daglige endringar i magasinvolym, justert for produksjon. Unrealistiske data er korrigert, og totalt årlig middeltilsig er kontrollert mot middelproduksjon i Åskåra 1. Magasinkurve og tilsig for typiske år er vist i figur 4.6 og 4.7.



Figur 4.6: Typiske magasinkurver for Store Åskårvatn



Figur 4.7: Typiske tilsigskurver for Åskåra

Forma på magasinkurva i figur 4.6 er velkjent, med låg fyllingsgrad etter vinteren og høg fyllingsgrad etter snøsmelting på sommaren. Tilsigskurvene i figur 4.7 viser at magasinet er høgtliggende, med stort tilsig fra juni og utover sommaren.

## "Vanleg" regulert vasskraftproduksjon

Regulert vasskraft er inndelt i to einingar. "Vanleg" regulert vasskraft er eininga for regulert vasskraftproduksjon, unntatt Svelgen, Åskåra og Øksnelvane. Kraftverk og magasin er slått saman til eitt ekvivalent kraftverk med tilhøyrande magasin. Dagens samla installasjon er 350 MW, og magasinkapasiteten er 627 GWh. Total årsproduksjon er brukt til å skalere tilsigskurva frå Åskåra. Kraftverka i gruppa har høgst prioritet av regulert vasskraft i simuleringane.

## Effektverk

Eininga bestående av Svelgen, Åskåra og Øksnelvane er kalla "Effektverk". Installert effekt skal optimaliserast. På same måte som "vanleg" regulert vasskraft, er anlegga slått saman til eitt ekvivalent kraftverk, med tilhøyrande magasinkapasitet (730 GWh). Installert effekt i dag er 280 MW, 1380 GWh middel årsproduksjon og 4900 timer gjennomsnittlig brukstid. Tilsigskurva er skalert ut frå årsproduksjon. I simuleringane er installert effekt variert for å sjå kva verknadar det har på totalsystemet. Effektverket har prioritet etter "vanleg" regulert vasskraftproduksjon. Eit effektverk kan velje tidspunkt for produksjon i større grad enn annan vasskraft grunna lågare brukstid, og antakelsen er vurdert til å gje best simuleringresultat.

### 4.1.4 Pumpekraftverk

Pumpekraftverk er implementert som eit lukka system utan eige tilsig for å begrense kompleksiteten i modellen. Tilhøyrande pumpekraftverket er eit øvre og nedre magasin med like stor kapasitet. I praksis vil magasina truleg vere ulike.

Pumpekraftverket har to oppgåver. Lagre overskotsenergi i systemet og utnytte prisskilnader i marknaden. Det vert pumpa når eksportlinjene ut av regionen er fullt utnytta, og pumpekraftverket reduserer dermed energitapet. Sistnemnde funksjon er reint økonomisk. Dersom prisen er vurdert til å vere låg nok, går pumpa, medan det vert levert energi til nettet ved høg pris. Ein føresetnad for sistnemnde funksjon er at prisskilnaden er stor nok til å dekke energitapet på ein syklus. I Tyskland har nokre pumpekraftverk ein verknadsgrad så høgt som 80 % for ein syklus, medan gjennomsnittet ligg på 69 %. Sjølv små pumpekraftverk (< 50 MW) ligg opp mot 80 % verknadsgrad (Universitet Stuttgart 2010). Korte vassvegar og moderne teknologi gjer at det er føresett 75 % verknadsgrad på ein pumpesyklus i modellen. 25 % av energien går tapt, og må dekkjast av prisskilnader.

Pumpekraftverket er tenkt installert i eksisterande magasin, parallelt med eksisterande kraftverk. Pumpekraftverket "låner" delar av magasinkapasiteten, og opererer sjølvstendig. I modellen er effekten i pumpe- og produksjonsmodus lik, noko som ikkje er tilfelle i praksis på grunn av energitapa i systemet. Det er likevel vurdert til å vere ein akseptabel antakelse. Målet er å sjå positive/negative verknader av pumpekraftverk i systemet.

Det er fleire feilkjelder i eit lukka pumpesystem. Eit opplagt problem er at det vert pumpa når det er overskot av energi i systemet. Høgt tilsig til pumpesystemet kjem truleg samtidig med høgt tilsig til annan vasskraftproduksjon. Dersom øvre magasin i slike situasjonar vert pumpa fullt, vil tilsig komande dagar gå til overlaup.

#### 4.1.5 Spotpris


Ei realistisk optimalisering skjer ut frå ei teknisk-økonomisk vurdering. Mykje av arbeidet knytt til pumpekraftverk i Noreg har berre sett på tekniske begrensningar. For å vinkle oppgåva mot ei økonomisk betrakting, er spotpris implementert i modellen. I første rekke var det tenkt å sjå vekk frå pris, men prisimplementasjon vart vurdert til å vere nødvendig, og interessant, for å sjå korleis det påverka installasjonen i effektverket og pumpekraftverket.

Dagens nordiske kraftmarknad er karakterisert av små kortsiktige prisskilnader. I Noreg er effektreserven fortsatt stor, til tross for større innslag av uregulert kraftproduksjon siste åra. Slik marknaden er i dag, er det for små prisforskjellar til å forsvare store investeringar i pumpekraftverk og effektverk. Det er stor uvisse knytt til framtidig kraftmarknad. I seinare tid har optimismen for framtidig spotpris avtatt. Mykje ny uregulert kraftproduksjon kan derimot gje større kortsiktige prisskilnader i marknaden. Stor utbygging av utanlands kablar vil truleg også gje større kortsiktige prisskilnader, særleg innanfor døgnet.

Kortsiktige prisskilnader kan gje lønsemeld både for å auke effektinstallasjon i eksisterande kraftverk og byggje pumpekraftverk. I eit forsøk på å sjå korleis kortsiktige prisskilnader påverkar val av installasjon, er det generert nye prisseriar med større skilnader i modellen. Det er teke utgangspunkt i spotprisen frå Nordpool i simuleringsperioden (2004-2011). Prisskilnadane er knytt til døgnvariasjon og uregulert produksjon. Regulerkraftmarknaden er ikkje implementert i modellen.

#### Døgnvariasjonar


Figur 4.8 viser gjennomsnittleg forbruk og spotpris over døgnet i 2011 (Nordpool 2012).



Figur 4.8: Gjennomsnittleg døgnvariasjon i forbruk og spotpris i 2011

Figur 4.8 viser at forbruk og spotpris varierer i samsvar med kvarandre. I tidsrommet 07.00-22.00 er forbruksnivået høgt, og prisnivået tilsvarende. Skalerte prisskilnader i modellen er knytt opp til desse timane av døgnet. Tidsrommet 07.00-22.00 har høgare pris enn døgn gjennomsnittet, medan dei resterande 9 timane har tilsvarende lågare pris. Skilnaden er vekta slik at gjennomsnittleg døgnpris er uendra.

Genererte døgnvariasjonar er vist i figur 4.9. Total døgnvariasjon er 20 øre/kWh, og gjennomsnittet følgjer faktisk spotpris på Nordpool i simuleringsperioden.



Figur 4.9: Konstruerte prisvariasjonar innanfor døgnet


Som figur 4.9 viser, er prisen skalert rundt gjennomsnittet for kvart døgn, med 15 høgpristimar.

## Prisvariasjon med uregulert produksjon

Prismekanismane i eit system med stort innslag av uregulert produksjon vil truleg variere med produksjonen frå slike kjelder, noko som blant anna er tilfelle i Tyskland (EEX 2012). Prisskilnad knytt til uregulert produksjon er generert ved formel (4.1):

$$\text{Pristillegg} = \frac{(0.5 * \text{Produksjon}_{\text{Max}} - \text{Produksjon}_{\text{faktisk}})}{(0.5 * \text{Produksjon}_{\text{Max}})} * \text{Total Prisvariasjon} \quad (4.1)$$

Formelen gir inga prisendring ved 50 % uregulert produksjon. Produksjonsnivå mindre enn 50 % aukar prisen lineært, medan større produksjon senkar prisen lineært. Maksimal uregulert produksjon gir maksimalt prisfrådrag. Figur 4.10 viser korleis funksjonen påverkar spotprisen i eit typisk år.



Figur 4.10: Konstruerte prisvariasjonar knytt til uregulert produksjon

I situasjonar der uregulert produksjon overgår forbruk og eksportkapasitet, viser figur 4.10 at prisen er droppa til 0. Eit produkt med store variasjonar (les: mykje uregulert produksjon) vil vere lite attraktivt i ein marknad med stor tilgang på energi. Mykje ny uregulert energi i regionen kjem truleg i samband med mykje ny produksjon i resten av landet også. Prisdropa illustrerer eit mogleg utfall av ein situasjon med innestengt energi i regionen.

## Prisscenario

I simuleringane er det nytta 5 prisscenario, oppsummert i tabell 4.1.

Tabell 4.1: Prisscenario

	<b>Ekstra variasjon</b> [øre/kWh]	<b>Prisområde</b> [øre/kWh]	<b>Gjennomsnittspris</b> [øre/kWh]
Som i dag	0	25-45	30
Døgnvariasjon 20 øre/kWh	20	15-55	30
Døgnvariasjon 30 øre/kWh	30	5-65	30
Uregulert variasjon 20 øre/kWh	20	15-55	32
Uregulert variasjon 30 øre/kWh	30	5-65	33

Scenaria i tabell 4.1 tek utgangspunkt i nemnde prisvariasjonar, og det er valt å bruke store variasjonar. Gjennomsnittsprisen er rett i overkant av 30 øre/kWh fordi simuleringsperioden går tilbake til 2004. Siste åra har gjennomsnittet vore noko høgare, rundt 35 øre/kWh. Prisnivået har ingen påverknad på resultatet, det er kortsiktige prisskilnader som skal utnyttast.

### 4.1.6 Produksjonsscenario

Basert på informasjon i kapittel 3 er det definert to produksjonsscenario, som skal spegle realistiske kombinasjonar av produksjon, forbruk og linjekapasitet. Tabell 4.2 viser hovudparametrane i sceneria.

Tabell 4.2: Produksjonsscenario

	<b>Scenario 1</b>		<b>Scenario 2</b>	
	Sc. 1.1	Sc. 1.2		
Import/Eksport	[MW]	700	1000	1500
Småkraft	[MW]	700	900	1100
Vindkraft	[MW]	100	300	1000
Større elvekraft	[MW]	100	100	150
Regulert vasskraft	[MW]	500	500	500
Forbruk Alminneleg	[GWh]	1400	1400	1400
Forbruk Industri	[GWh]	1600	1600	2600

Kraftsystemet i regionen står føre store forandringar. Ein ny sterke akse i sentralnettet er under bygging frå Sogndal til Ørskog, og står klar i 2015/16. Ei ny og sterkare linje frå

Sogndal til Aurland er også under planlegging, og kan stå ferdig tidligast i 2018. Som tabell 4.2 viser, varierer eksportkapasiteten mellom 700 og 1500 MW. Valte kapasitetar er basert på nemnde prosjekt. I scenario 1 er flaskehalsen Sogndal-Aurland uendra eller delvis oppgradert, medan det i scenario 2 er føreset ny linje over Sognefjorden. Sjølv om dei nye linjene vil ha kapasitet på høvesvis 1500 MW og 2-3000 MW, er kapasiteten sett lågare. Det er to årsaker: Begrensa forbruk utanfor region (spesielt nordover), og Indre Sogn disponerer deler av kapasiteten. Vurderingane er gjort i samarbeid med SFE Nett.

Småkrafta varierer fra 700 MW til 1100 MW i simuleringane. 700 MW er av SFE estimert til å vere eit lågt anslag, medan 1100 MW ligg opp mot det maksimale utbyggingspotensialet (jamfør kapittel 3). Vindkrafta er meir usikker. I scenario 1, som er lagt lågt, varierer installert mengde vindkraft frå 100-300 MW. I scenario 1.2 er mengda vindkraft sett til 300 MW, noko som ser ut til å vere eit middels anslag ut i frå dagens planar og lokal oppslutnad. Scenario 2 er eit lite realistisk scenario, 1000 MW er basert på alle kjende prosjekt på land i regionen.

Installasjon av større elvekraft er også auka. Dagens installasjon er 60 MW, og 100 MW (Scenario 1) og 150 MW (Scenario 2) føreset realisering av nokre av planane i Jølstra (50 MW), Stardalen (30 MW), Breim (16 MW) og Gjengedal (50 MW). Prosjekta er i utgangspunktet kontroversielle, og det er lite truleg at alle prosjekta vert realisert.

Noko ny regulert vasskraftproduksjon er teke med, i hovudsak prosjekta Eiriksdal kraftverk (48 MW) i Høyanger og Leikanger kraftverk (77 MW). Eiriksdal kraftverk er under bygging, og skal stå klart i 2013. Den regulerte vasskrafta utanfor Bremanger vert med det godt opprusta, og det er sannsynleg at eventuelle nye opprustingar i regionen skjer i anlegga til SFE i Bremanger. Av dei store einingane er Kjøsnesfjorden (84 MW) nettopp sett i drift, Høyanger-systemet (140 MW) er under utbetring og Mel (52 MW) er eit relativt nytt kraftverk. Den nye regulerte vasskrafta er anteke utbygd i begge sceneria.

Forbruket er halde på dagens nivå i scenario 1, medan det i scenario 2 er teke med 1000 GWh nytt industriforbruk. Auken kan enten kome i form av elektrifisering av sokkelen, ny aluminiumsproduksjon i Høyanger eller annan ny industri.

## 4.2 Beskriving av modell

Modellen har timesoppløysing. Inndata til modellen er gitt i figur 4.11. Parametrane blir variert i ut frå valte scenario. Programmeringa er utført i språket Visual Basic og modellen er køyrt i Excel. Skriptet er tilgjengelig i vedlegg C.

Modellen har følgjande logiske oppbygging, der produksjon/import er definert positivt og forbruk/eksport negativt. Operasjonane er gjort for kvart tidssteg.

- Uregulerte kraftproduksjon: har forkørsrett og blir mata først inn i systemet.
- Forbruk: Blir trekt frå og gir grunnlag for balansering.
- Netto balanse etter uregulert kraftproduksjon og forbruk må balanserast.
  - Netto balanse  $< 0$  : Vasskraft er brukt i følgjande rekjkjefølgje for å balansere region:  
Vanleg regulert vasskraft, effektverk og til slutt eventuelt pumpekraftverk. Dersom det ikkje er tilstrekkelig er det importert energi frå tilstøytande regionar.

	År	Månad	Dato			
Start	2004	1	1			
Stopp	2011					
Tidssteg	1	(1,2,4,8 eller 24 timer)				
Import/eksport	1 500	[MW]				
Småkraft	1 100	[MW]				
Vindkraft	1 000	[MW]				
Større Elvekraftverk	150	[MW]				
Forbruk Alminnelig	1 400	[GWh/år]				
Forbruk Industri	2 600	[GWh/år]				
Data for vasskraft med magasin	Installasjon [MW]	Årsproduksjon [MWh]	Magasinkap. [MWh]	Startverdi magasin	Køring ved % høgre pris	Tilte avvik magasinkurve
Regulert vasskraft	500	2 000 000	627 000	75 %	5 %	5 %
Effektverk	560	1 380 000	730 000	75 %	5 %	15 %
Pumpekraftverk	100		20 000	50 %	12,5 %	

Figur 4.11: Inndata i modell

- Netto balanse  $> 0$  : Eksport av energi. Pumpekraftverk er nytta til pumping av energi dersom eksportkapasiteten er fullt utnytta. Eventuell overskotsenergi er definert som energitap.

Prisseriar er teke med i modellen for å gje eit økonomisk aspekt. Gjennomsnittspris for neste månaden er rekna ut for kvart tidssteg. Gjennomsnittsprisen er meint å vere ei tilnærming til vassverdi som er nytta i produksjonsplanlegging. Vasskraftverk og pumpekraftverk utnyttar kjennskapen til gjennomsnittspris neste månaden på følgjande måte:

- Spotpris  $>$  Gjennomsnittspris \*  $(1+X\%)$
- Vasskraftverk (vanleg og effektverk) produserer dersom prisen er høgare enn gjennomsnittsprisen (f.eks 5%).
- Pumpekraftverket produserer/pumpar energi dersom prisen avvik  $+/- 12,5\%$  frå gjennomsnittsprisen. 12,5 % er valt ut frå føresetnaden om 25 % tap av energi i ein pumpe-syklus.

Regionen er eit overskotsområde av energi, med dei utfordringar det gir i modellering. Produksjonsplanlegging for regulert vasskraft er inga enkel oppgåve. Det er mange faktorar som spelar inn, mellom anna spotpris, fyllingsgrad i magasin og tilsigsprognosar. Utan avanserte dataprogram er produksjonsplanlegging vanskeleg å simulere. For å gje eit realistisk køyremønster er vasskraft med magasinkapasitet programmert til å følgje eksisterande magasinkurver.

- Ved stort avvik frå magasinkurva produserer vasskraftverka for å kome tilbake til kurva. Krav: Tilgjengelig eksportkapasitet. Vanleg regulert vasskraft har prioritet føre effektverket, men det blir tilte mindre avvik frå magasinkurva.
- Tilsig som ikkje kan lagrast (fullt magasin) og ikkje transporterast ut av region (fullt utnytta eksportkapasitet), er definert som energitap.

Effektverket køyrer på same prinsipp som "vanleg" regulert vasskraft, men følgjer i andre rekkje. Effektverket er gitt større rom for å avvike frå dagens køyremønster. Pumpekraftverk har lågast prioritet. Det vil seie at det er nytta til å dekkje forbruk etter at all tilgjengelig produksjon og importkapasitet er nytta. Elles er pumpekraftverket køyrt for å unngå energitap i systemet og ved høg pris.


Regionen har stort kraftoverskot, så i dei fleste tidssteg går kraftflyten ut av region. Eksport av energi er vanskelig å simulere utan forenklingar. Eksportkapasiteten er sett som ein flat variabel, og det er anteke at det er eit eksternt forbruk som tek imot energien.

## 4.3 Kontroll av modell

Energikontroll av modellen er gjennomført utan feil. Dei viktigaste sjekkane er:

- Global energisjekk: Energi inn i systemet (all produksjon) er lik all energi ut av systemet (forbruk, eksport og energitap)
- Lokal energisjekk: Energi inn i eit tidssteg (tilsig til regulerte vasskraftverk og uregulert produksjon) er balansert av forbruk, eksport og/eller lagra i magasin (vanlege reguleringssmagasin eller i pumpemagasin).

Største utfordringa i oppbygginga av modellen var å implementere fornuftige marknadsmekanismar. Figur 4.12 viser gjennomsnittleg oppnådd spotpris for dei ulike energikjeldene. Innan kvart prisscenario aukar installasjonen i effektverket, og det er tydelig at auka effekt gir økonomisk vinst i form av høgare oppnådd spotpris. Gjennomsnittsprisen held seg tilnærma konstant, medan skilnaden mellom energikjeldene endrar seg med større variasjonar i spotpris. Med dagens prisseriar er skilnadane små, noko som speglar realitet godt. Ved større prisskilnader er regulert vasskraft betre betalt, ikkje minst når ein har låge brukstider og god magasinkapasitet. Modellen oppfører seg med andre ord slik det er forventa. Uregulert produksjon får lågare verdi med store prisskilnader, og effektverka får betre betalt enn vanleg regulert vasskraft fordi fridomen i køyremønsteret er større.



Figur 4.12: Kontroll: Samanlikning av gjennomsnittleg oppnådd spotpris

Figur 4.12 viser ei tydelig feilkjelde frå prisscenaria knytt til uregulert produksjon. Startpunktet for effektverket er langt over annan regulert vasskraft. Med dagens installasjon skulle oppnådd pris for effektverket og regulert vasskraft vore i same storleik. Feilen gir kunstig lågt inntektpotensial for effektverket. For døgnvariasjonar verkar derimot modellen til å fungere tilfredsstillande.

# 5. Resultat av analyse

## 5.1 Generelle resultat


Simuleringar er utført med mange ulike installasjonar i kvart scenario. Auke i effektinstallasjon og pumpeinstallasjon er dei viktigaste parametrane. Basistilfellet er lik dagens situasjon med 280 MW i anlegga i Bremanger, og ingen pumpeinstallasjon. Det er anteke at magasinkapasiteten tilhøyrande vasskraftverka i området er god, og at det ikkje er økonomisk å auke kapasiteten. Ved innføring av pumpekraftverk er utgangspunktet ein magasinkapasitet på 20 000 MWh, som tilsvrar energikapasiteten i Isavatn med fall til Bjørndalen. Magasinkapasiteten tilhøyrande pumpekraftverket er variert for å sjå korleis det påverkar resultata. Det er anteke at ein vil auke effektinstallasjonen i eksisterande kraftverk før eit pumpekraftverk vert bygd, så installasjon i effektverket er dobla i simuleringane med pumpekraftverk.

Resultat er henta ut i form av energitap i systemet, gjennomsnittleg oppnådd spotpris, mengde pumpa energi og økonomi i pumpekraftverket. Det er viktig å understreke at energitapet er nyttbar energi og resultat av begrensa nettkapasitet/forbruk. Designmessige flaumtap er halde utanfor analysen, og det totale energitapet i systemet er difor høgare enn det som kjem fram av grafane. Energitapet gjeld for heile systemet, og er ikkje spesifisert til ei enkelt produksjonskjelde. Analysen kan sjåast på som ei optimalisering av systemet som heilheit. Før resultata frå kvart scenario er presentert, er det vist nokre typiske data frå simuleringane.

### Kraftsystem

Figur 5.1 viser kraftproduksjon og kraftflyt frå ei typisk simulering. Opplysinga på simuleringa er ein time, men for å gjere resultata presentable viser grafane samla døgnproduksjon. Figur 5.1-b viser at eksporten er stor i månadane mai-juni og august-oktober. På seinsommaren er magasina fulle og tilsiget stort, og uregulert produksjon høg. Nettmessig er perioden veldig anstrengt. Det kan spørjast om det er tilstrekkelig forbruk utanfor regionen ved produksjonstoppene. Eksporten er størst i månadane med lågast forbruk. Figuren viser også at energitapet kjem konsentrert og med stort volum. Det er vanskeleg å forhindre slike ekstremesituasjonar.


Fordelinga mellom dei ulike produksjonskjeldene er vist i figur 5.1-c. Kurvene er henta frå scenario 1.2, som er vurdert til å vere det mest sannsynlege scenariet. Truleg kan ein forvente at småkrafta vil dominere produksjonen i regionen om 10-15 år.



Figur 5.1: Kraftflyt i typisk simulering

## Effektverk

I simuleringane er installasjonen i effektverket variert for å sjå kva verknader det gir på systemet. Verdien i å senke brukstida ligg i at effektverket kan køyre ut produksjonen på kortare tidsrom, noko som er illustrert i figur 5.2.




Figur 5.2: Verknad av effektauke

Figur 5.2-a viser at med dagens situasjon (280 MW) må kraftverket køyrast over lengre tidsrom, og gjerne når prisen ikkje er så høg. Låg brukstid, vist i figur 5.2-b, gjer at produsenten kan vente til prisen er god, noko som føreset god magasinkapasitet. Dei vurderte kraftverka har god magasinkapasitet. Modellen verkar til å simulere effektverket på ein tilfredsstillande måte. Stor effektinstallasjon gir markante, spisse toppar i produksjonen.

## Pumpekraftverk

Pumpekraftverket er implementert i modellen for å sjå korleis det kan forbetra systemet. Eit pumpekraftverk kan pumpe energi i periodar med høg uregulert produksjon og produsere når uregulert produksjon er tilsvarende låg. Figur 5.3 viser korleis det simulerte pumpekraftverket fungerer i modellen.




Figur 5.3: Samvariasjon mellom simulert uregulert produksjon og pumpekraftverk

Figur 5.3 viser at pumpekraftverket pumpar (definert positivt) når uregulert produksjon er høg, og produserer energi (definert negativt) når det er låg uregulert produksjon. Konklusjonen er at modellen fungerer tilfredsstillende for pumpekraftverk.

## Magasinfylling

Resultata frå simuleringane er basert på ein modell med fleire feilkjelder. Mellom anna er køyrestrategiske omsyn lite ivareteke. Produksjonsplanlegging er ein eigen vitskap, og svært vanskeleg å implementere i modellen. Figur 5.4 viser korleis magasinfyllinga varierer i typiske år.



Figur 5.4: Magasinfyllingar i eit typisk år

Figur 5.4 viser at det er valt å følgje dagens magasinkurver, med litt større fridom til avvik for effektverket. Energitapet i systemet oppstår på seinsommaren når magasina er fulle. Magasinkøyringa vil truleg endre seg når energisystemet blir tilført mykje ny uregulert produksjon, men det er ikkje teke omsyn til. Forsyningssikkerheit er hovudargumentet for å behalde dagens køyring av reguleringsmagasin.

## 5.2 Resultat Scenario 1


Scenario 1 representerer ein middels produksjonsauke, og er vurdert til å vere det mest sannsynlege scenarioet. Hovuddata for scenario 1 er repetert i tabell 5.1.

Tabell 5.1: Scenario 1: Hovuddata

		Scenario 1.1	Scenario 1.2
Import/Eksport	[MW]	700	1000
Småkraft	[MW]	700	900
Vindkraft	[MW]	100	300
Større elvekraft	[MW]	100	100
Regulert vasskraft	[MW]	500	500
Forbruk Alminneleg	[GWh]	1400	1400
Forbruk Industri	[GWh]	1600	1600

Scenario 1 har ein vesentleg auke i uregulert produksjon, og nokre nye større prosjekt knytt til elvekraft og regulert vasskraftproduksjon. Forbruket er halde på dagens nivå. Det er den nye sentralnettlinja Sogndal-Ørskog som står for størsteparten av eksportkapasiteten, men i scenario 1.2 er kapasiteten over Sognefjorden delvis oppgradert.


Kraftsystemet eit typisk år i scenario 1.1 er vist i figur 5.5.



Figur 5.5: Scenario 1.1: Kraftflyt

Figur 5.5 viser at produksjonen er generelt større enn forbruket, og frå tidlig vår og til godt ut på hausten er eksportkapasiteten fullt utnytta store deler av tida. Energitapet er konsentrert til seinsommaren, då magasina er fulle og tilsiget høgt.

Kraftflyt og energitap for scenario 1.2 er vist i figur 5.6.



Figur 5.6: Scenario 1.2: Kraftflyt


Figur 5.6 viser at samanlikna med scenario 1.1 er eksportkapasiteten betre tilpassa produksjonen i regionen, og det er færre fullasttimar. Energitapet kjem som for scenario 1.1 konsentrert på seinsommaren.

### 5.2.1 Effektverk

Det er først gjort simuleringar der installasjonen i effektverket er variert. Eit effektverk sin funksjon er ikkje å produsere meir energi, men å ha fridom til å produsere på gunstige tidspunkt. For å illustrere nytten av lågare brukstid, er energitapet i systemet og gjennomsnittleg oppnådd spotpris vurdert til å vere gode parametrar. Energitapet kjem som følgje av at kapasiteten i systemet ikkje er tilstrekkelig ved produksjonstoppane. Effektverket reduserer energitapet ved å ha fridom til å halde igjen vatn i magasinet.


### Energitap

Figur 5.7 viser korleis energitapet i kraftsystemet for scenario 1.1 endrar seg som funksjon av brukstida i effektverket. Energitapet minkar når brukstida minkar, og kurvene flatar ut i området rundt 2000 brukstimar. Det er potensial til å redusere energitapet med rundt 50 GWh, eller rundt 0,5 % av total produksjon i regionen. 50 GWh utgjer 3,6 % av produksjonen i Svelgen, Åskåra og Øksnelvane.



Figur 5.7: Scenario 1.1: Energitap som funksjon av brukstid i effektverket

Scenario 1.2 er på mange punkt likt som scenario 1.1, men den uregulerte produksjonen er auka for å sjå korleis det påverkar systemet. Energitapet er vist i figur 5.8.




Figur 5.8: Scenario 1.2: Energitap som funksjon av brukstid i effektverket

Figur 5.8 samsvarar godt med tilsvarende figur for scenario 1.1. Kurvene flatar ut i området rundt 2500 brukstimar, noko før enn for scenario 1.1. Det er potensial til å spare omkring 60 GWh ved å ha låg brukstid, 0,6 % av total produksjon i systemet. Medan energitapet for systemet var 4-5 % for scenario 1.1, er det 2-3 % for scenario 1.2. Eksportkapasiteten er meir anstrengt i scenario 1.1.


## Spotpris

Implementasjon av prisscenario i modellen har gjort det mogleg å vurdere økonomisk vinst av å auke effektinstallasjonen. Figur 5.9 viser gjennomsnittleg oppnådd spotpris som funksjon av brukstid i scenario 1.1.



Figur 5.9: Scenario 1.1: Oppnådd spotpris som funksjon av brukstid i effektverket

Figur 5.9 viser at med dagens prisar, ser ein effektauke ut til å gje ein maksimal auke på 1 øre/kWh eller rundt 3 % auka inntekter. Ein total døgnvariasjon på 20 øre/kWh gir 2-3 øre/kWh maksimal auke i gjennomsnittleg spotpris, eller 6-9 %. Ein prisskilnad på 20 øre/kWh knytt til uregulert produksjon gir eit liknande inntektpotensial. Tilsvarande figur for scenario 1.2 er vist i figur 5.10.



Figur 5.10: Scenario 1.2: Oppnådd spotpris som funksjon av brukstid i effektverket

Figur 5.10 viser at det er større økonomisk potensial i scenario 1.2. Ein total døgnvariasjon på 20 øre/kWh gir 4-5 øre/kWh, eller 13-16 %, høgare gjennomsnittspris.

Med 1380 GWh, som er årleg produksjon i effektverket, er inntektpotensialet stort. I kapittel 8 tek optimaliseringsprosessen utgangspunkt i inntektpotensialet i figurane.

Det er gitt "forkøyrsrett" for den vanlige regulerte vasskrafta før effektverket. Ved høge brukstider, typisk i området 4000-5000 brukstimar, gir forkøyrsretten utslag i kunstig høge spotprisar (tidligare vist i figur 4.12). Startpunktet for effektverket skulle helst vore på same nivå som annan regulert vasskraft. Spesielt for prisscenario knytt til uregulert variasjon er

feilen merkbar, og utgjer i området 2-3 øre/kWh. Feilkjelda gir lågare inntektpotensial for effektauke. For døgnvariasjonar i pris verkar modellen til å fungere godt.

## 5.2.2 Pumpekraftverk

### Scenario 1.1

I simuleringane med pumpekraftverk, er installert effekt i Bremanger-anlegga halde konstant på 560 MW, eller 2500 timer brukstid. Antakelsen byggjer som tidligare nemnt på at det er meir realistisk å ruste opp gamle kraftverk før pumpekraftverk er aktuelt, sidan det er billigare. Tabell 5.2 gir nokre utvalte data for pumpekraftverket i scenario 1.1.


Tabell 5.2: Scenario 1.1: Utvalte data for pumpekraftverk

		Døgnvariasjon 20 øre			Uregulert variasjon 20 øre		
Effekt [MW]	Magasin [MWh]	Pumpa Energi [GWh]	Brukstid Pumpe [t]	Antal fyllingar	Pumpa Energi [GWh]	Brukstid Pumpe [t]	Antal fyllingar
50	20000	64	1283	3,2	51	1014	2,5
100	20000	115	1147	5,7	74	739	3,7
200	20000	200	1000	10,0	99	493	4,9
200	50000	219	1097	4,4	154	768	3,1
200	100000	241	1208	2,4	200	999	2,0

Ved døgnvariasjonar i pris viser tabell 5.2 at mengde pumpa energi er mest avhengig av installert effekt. Magasinkapasiteten har liten innverknad. Ved 50 MW installert effekt og magasinkapasitet 20 000 MWh vart det årleg pumpa energi tilsvarande tre magasinfyllingar, medan det vart pumpa energi tilsvarande 10 magasinfyllingar ved 200 MW effekt. Med andre ord er magasinet mykje betre utnytta ved høg effektinstallasjon. Pumpa energimengd endrar seg lite når effekten er halde på 200 MW og magasinkapasiteten aukar. Brukstida i pumpemodus ligg rett i overkant av 1000 timer, uavhengig av effekt og magasinkapasitet. 1000 brukstimar gir stort tidsrom til å velje når kraftverket skal produsere energi.

For prisvariasjonar knytt til uregulert produksjon, er potensialet for pumping meir avhengig av magasinkapasiteten. Brukstida på pumpa går mykje ned ved auka installasjon og konstant magasinkapasitet, noko som tyder på at periodane for pumping er intensive når dei først kjem. Det er tidligare dokumentert at det er store sesongvariasjonar i den uregulerte produksjonen. Pumpekraftverket må regulere på sesongbasis, noko som krev stor magasinkapasitet.

I figur 5.11 er det vist korleis fyllingsgrada i pumpemagasinet typisk varierer gjennom året.




Figur 5.11: Scenario 1.1: Magasinfilling i pumpekraftverket for ulike prisscenario

Observasjonane frå tabell 5.2 er bekrefta i figur 5.11. Installasjonen er 100 MW og magasinkapasiteten 20 000 MWh. Magasinet har fleire oppfyllingar når prisen varierer innanfor døgnet. For scenario 1.1 er det likevel tydelig at pumpekraftverket ikkje fungerer tilfredsstilande. Sesongvariasjonane i uregulert produksjon pregar magasinkurvane.

Figur 5.12a-c viser økonomisk overskot for pumpekraftverket, med eining mill. NOK/MW. Årleg økonomisk overskot er neddiskontert med ein faktor 15, og deretter delt på installert effekt. Figur 5.12-a bekreftar at prisane i dag ikkje gir grunnlag for pumpekraftverk. Det er først med 30 øre/kWh døgnvariasjon at inntekta er på eit nivå som nærmar seg utbyggingsprisane for pumpekraftverk på 3-6 mill. NOK/MW presentert i kapittel 3.

Figurane 5.12b-c bekreftar observasjonane frå tabell 5.2. Ved døgnvariasjonar i pris, er det lite å hente på å auke magasinkapasiteten. For variasjonar knytt til uregulert produksjon er det først med 100 000 MWh magasinkapasitet at inntektene nærmar seg utgiftsnivået for å byggje pumpekraftverk.



Figur 5.12: Scenario 1.1: Økonomi pumpekraftverk

## Scenario 1.2


Tabell 5.3 presenterer utvalte data for ulike pumpekraftverk i scenario 1.2.

Tabell 5.3: Scenario 1.2: Utvalte data for pumpekraftverk

Effekt [MW]	Magasin [MWh]	Døgnvariasjon 20 øre			Uregulert variasjon 20 øre		
		Pumpa Energi [GWh]	Brukstid Pumpe [t]	Antal fyllingar	Pumpa Energi [GWh]	Brukstid Pumpe [t]	Antal fyllingar
50	20000	83	1654	4,1	67	1334	3,3
100	20000	148	1479	7,4	97	972	4,9
200	20000	253	1266	12,7	128	638	6,4
200	50000	273	1367	5,5	204	1018	4,1
200	100000	291	1457	2,9	265	1326	2,7

Tabell 5.3 viser at samanlikna med scenario 1.1 er generelt mengda pumpa energi større. Medan brukstida i scenario 1.1 var rundt 1000 timer, er brukstida 1300-1400 i scenario 1.2. Det er tydelig at betre nettkapasitet og meir uregulert produksjon gir betre høve for eit pumpekraftverk. Samtidig gir høgare brukstid mindre tidsrom å produsere i, og difor lågare moglegheit til å vente på høg pris.

Også her er magasinet betre utnytta med høg installert effekt og døgnvariasjonar i pris. Med 200 MW installert effekt og 20 000 MWh magasinkapasitet er det pumpa ei energimengd tilsvarende 12 magasinfyllingar med døgnvariasjon og seks med prisvariasjonar knytt til uregulert produksjon. Økonomisk overskot for scenario 1.2 er vist i figur 5.13.



Figur 5.13: Scenario 1.2: Økonomi pumpekraftverk

Pumpekraftverket fungerer betre i scenario 1.2, noko som også er bekrefta i figur 5.13. Inntektene er generelt 1-2 mill. NOK/MW høgare enn for scenario 1.1. Likevel er det berre ved 30 øre/kWh døgnvariasjon at inntektspotensialet verkar til å vere høgt nok til å forsvare kostnadane ved å byggje kraftverket.


### 5.3 Resultat Scenario 2

Scenario 2 representerer ei maksimal utbygging av energiressursane i regionen. Tabell 5.4 repeterer input for Scenario 2 i modellen.

Tabell 5.4: Scenario 2: Hovuddata

Import/Eksport	1500	[MW]
Småkraft	1100	[MW]
Vindkraft	1000	[MW]
Større elvekraft	150	[MW]
Regulert vasskraft	500	[MW]
Forbruk Alminneleg	1400	[GWh]
Forbruk Industri	2600	[GWh]

Nettmessig er scenariet “worst-case”, og vil gje store utfordringar fordi den nye produksjonen er uregulert. Det er store mengder ny småkraft (1100 MW) og vindkraft (1000 MW) og ein liten auke i større elvekraft. Industriforbruket er auka med 1000 GWh/år, og flaskehalsen i nettet over Sognefjorden er fjerna. Kraftflyten i scenariet i 2011 er vist i figur 5.14.




Figur 5.14: Scenario 2: Kraftflyt

Figur 5.14 viser ein kraftproduksjon med mykje større variasjonar i produksjon enn for scenario 1, fordi den uregulerte produksjonen dominerer produksjonen. Eksportkapasiteten verkar til å vere godt tilpassa produksjonsmengda i systemet, med færre fullasttimar enn i scenario 1.1. Energitapet kjem fleire periodar i året i scenario 2. Det er toppar i produksjonen på vårparten (mai-juni) og på seinsommaren (august-oktober). Toppene samsvarar med periodane på året då både vindkraft og småkraft har høg produksjon.


### 5.3.1 Effektverk

For kraftsystemet er det ei stor utfordring med så mykje ny uregulert produksjon. Figur 5.15 viser korleis energitapet varierer som funksjon av brukstid i effektverket i scenario 2.



Figur 5.15: Scenario 2: Energitap som funksjon av brukstid i effektverket

Energitapet i figur 5.15 viser same trenden som i scenario 1, til tross for at samansetninga i kraftsystemet er totalt forskjellig. Kurvene flatar ut i området rundt 2000 brukstimar. Energitapet for totalsystemet kan reduserast med 70-80 GWh ifølgje simuleringane. 80 GWh utgjer 0,6 % av total produksjon i regionen. Energitapet er 1-2 %, noko som er lågare enn i scenario 1. Eksportkapasiteten verkar å vere godt tilpassa produksjonsmengda. Gjennomsnittleg oppnådd spotpris som funksjon av brukstid er vist i figur 5.16.



Figur 5.16: Scenario 2: Oppnådd spotpris som funksjon av brukstid i effektverket

Figur 5.16 viser at med dagens spotpris gir effektauke eit maksimalt inntektpotensial på 1 øre/kWh, eller 3 % auka inntekter. Som i scenario 1 har døgnvariasjonar størst økonomisk potensial. Døgnvariasjon på 20 øre/kWh aukar gjennomsnittleg spotpris med 4-5 øre/kWh eller 13-16 %. Alle kurvene verkar til å nå ein grenseverdi rundt 2500 brukstimar.

### 5.3.2 Pumpekraftverk


Figur 5.14 viste at den uregulerte produksjonen gir store variasjonar i kraftflyten, noko som er ideelt for eit pumpekraftverk. Brukstida i pumpemodus er vist i tabell 5.5 for to utvalte prisscenario.

Tabell 5.5: Scenario 2: Utvalte data for pumpekraftverk

		Døgnvariasjon 20 øre			Uregulert variasjon 20 øre		
Effekt [MW]	Magasin [MWh]	Pumpa Energi [GWh]	Brukstid Pumpe [t]	Antal fyllingar	Pumpa Energi [GWh]	Brukstid Pumpe [t]	Antal fyllingar
50	20 000	130	2 600	6,5	100	2007	5,0
100	20 000	240	2 398	12,0	159	1588	7,9
200	20 000	429	2 143	21,4	228	1140	11,4
200	50 000	470	2 350	9,4	340	1699	6,8
200	100 000	495	2 475	4,9	416	2079	4,2

Tabell 5.5 viser at brukstida varierer mellom 2100-2600 timer, mykje høgare enn i scenario 1. I simuleringa med 20 øre/kWh døgnvariasjon vart det pumpa 240 GWh med 100 MW installert effekt og 20 000 MWh magasinkapasitet. 240 GWh tilsvarar 12 magasinfyllingar, eller ei oppfylling i månaden.


I scenario 1 fungerte pumpekraftverket dårlig for prisvariasjonar knytt til uregulert produksjon. I scenario 2 er det tydeleg at funksjonen av pumpekraftverket er betre. Med 100 MW installasjon og 20 000 MWh magasinkapasitet, er magasinkapasiteten nytta 8 gongar årlig. Figur 5.17 viser magasinfylling for eit typisk år.



Figur 5.17: Scenario 2: Magasinfylling i pumpekraftverket for ulike prisscenario

Pumpekraftverket fungerer godt for døgnvariasjonar, men fortsatt har tendens til sesongregulering for prisscenario "Uregulert variasjon 20 øre/kWh".

Noverdien av årlig overskot i pumpekraftverket i scenario 2 er vist i figur 5.18.



Figur 5.18: Scenario 2: Økonomi pumpekraftverk

Figur 5.18 viser at inntektpotensialet er høgt i Scenario 2. Døgnvariasjon på 20 øre/kWh gir noverdi i storleik 5-6 mill. NOK/MW, noko som er i same storleik som estimerte kostnader for pumpekraftverk (NVE 2011d). Med 30 øre/kWh vil eit pumpekraftverk ha god lønsemid i scenario 2, med inntekter i storleik 8-10 mill. NOK/MW.

Mange av konklusjonane frå scenario 1 viser igjen i scenario 2. Magasinkapasiteten har liten innverknad ved døgnvariasjonar, medan det verkar til å vere essensielt med stor magasinkapasitet med prisvariasjonar knytt til uregulert produksjon.

# 6. Tolkning av resultat

## 6.1 Hovudkonklusjonar

Resultata presentert i kapittel 5 gir grunnlag for å trekke fleire konklusjonar. Resultata for dei ulike scenaria følgjer mykje av same trenden. Hovudkonklusjonane er:

- Energitapet kjem på seinsommaren, konsentrert og med stort volum. Tapa er difor vanskelege å redusere utan store kostnadars. Pumpekraftverk vil ikkje løyse problemet, sidan magasinet tilslutta pumpekraftverket truleg også vil ha høg fyllingsgrad. Endra køyremønster for magasin, saman med høgare installert effekt, kan truleg løyse problemet på ein betre måte. Reduksjon i brukstid på regulerte vasskraftverk gir større fridom til å styre magasinet.
- Typisk produksjonstoppar: To markante toppar. Først ein topp ved snøsmelting på våren, og så ein ny topp på seinsommaren. Det vil vere gunstig å ha ei brukstid på kraftverka som gjer at ein kan stå over toppane, og køyre ut magasinet i periodar imellom med lågare tilsig.
- Med tilgjengelig magasinkapasitet i området, verkar døgnvariasjonar til å vere mest gunstig både for effektverk og pumpekraftverk. Den uregulerte produksjonen har sesongvariasjonar, og er vanskelig å regulere utan stor magasinkapasitet.

### Effektverk

Analysane viser at senking av brukstid i eksisterande kraftverk verkar til å beste investeringa som kan gjerast for å forbetra systemet. Utan unntak gav senking av brukstid gunstige verknader i alle simuleringane. Lønsemnda varierer for dei ulike prisscenaria, men generelt kan ein seie at:

- Med ei energibetraktning verkar ei halvering av brukstida til å vere gunstig, frå dagens 5000 timer ned mot 2500 timer. Lågare brukstid (1000-1500 timer) kan likevel vere aktuelt for å utnytte andre marknadars, for eksempel regulerkraftmarknaden.
- Gjennomsnittleg oppnådd spotpris går mot ein grenseverdi, typisk i området 2-3000 brukstimar. Vesentleg lågare brukstid vil sette store krav til produksjonsplanlegging (evne til å treffe høgprisperiodar) og god magasinkapasitet.
- Mykje ny installert uregulert produksjon set større krav til regulert kraftproduksjon for å kunne utnytte marknaden i same grad som før. Hovudutfordringa vil vere å ha fridom til å stoppe produksjonen når energimengda i systemet allereie er stor, noko

som føreset låg brukstid og god magasinkapasitet. I situasjonar med høg uregulert produksjon og fullt utnytta kraftekspорт vil prisen med stort sannsyn droppe.

- I alle prosjekt bør det vurderast å auke magasinkapasiteten. Nye magasin vil vere ei stor investering, men det kan bli nødvendig for å unngå periodar med mykje uregulert produksjon og fullt utnytta eksportkapasitet.

## Pumpekraftverk

Det er anteke at pumpekraftverket først vert bygd etter at eksisterande kraftverk er rusta opp. Ut frå resultata verkar antakelsen fornuftig. Pumpekraftverk er simulert som eit supplement til 2500 brukstimar i effektverket (560 MW), altså ei halvert brukstid. Hovudkonklusjonane frå analysen er:

- Med dagens utbyggingskostnader og prisar er ein langt frå å realisere pumpekraftverk. Det er lite som tyder på at det dei neste 10-15 åra skal bli rom for økonomisk kommersielle pumpekraftverk, utan nokon form for subsidiering eller betaling for systemtenester.
- Pumpekraftverket har liten positiv verknad på energitapet. Energitapet kjem koncentrert, og med stort volum. Det er også verdt å merke seg at pumpemagasinet truleg har høg fylling i ein slik situasjon, pga eige tilsig. Faren er stor for at det vert pumpa til overlaup.
- Truleg må ein ha kortsiktige prisskilnader ein stad mellom 20-30 øre/kWh for å gjere pumpekraftverk lønsame.
- Det verkar til at det største potensialet ligg i at spotprisen får store døgnvariasjonar. Døgnvariasjonar set lågare krav til magasin, samtidig som det vil vere lettare å planlegge pumpinga. Ved stort innslag av uregulert produksjon (scenario 2) fungerer pumpekraftverket godt.
- Sesongvariasjonar i uregulert produksjon set store krav til magasinkapasitet for å regulere produksjonen. Fyllingsgrada i pumpesystemet følgjer sesongvariasjonane.

## Feilkjelder

I oppbygginga av modellen vart det gjort fleire forenklingar. Dei viktigaste feilkjeldene for resultata presentert er oppsummert her:

- Truleg er energitapet kunstig høgt i enkelte tilfelle. Endring av køyremønster for magasin vil gje ein reduksjon. Energitapa gir likevel ein god peikepinn, og er gode i samanlikningane mellom alternativa.
- Alle kraftverk med tilslutta reguleringsmagasin er samla saman til eitt kraftverk og eitt magasin. Mest truleg vil magasin tilslutta dei enkelte kraftverka sette begrensningar på køyringa.
- I simulering av regulert vasskraft, effektverk og pumpekraftverk er gjennomsnittsprisen kjent neste månaden. Inntektsgrunnlaget både for effektverk og pumpekraftverk kan vere kunstig høgt.

- For å begrense kompleksiteten i modellen, er det berre brukt ein dataserie for alle dei ulike energikjeldene. I realiteten vil seriane vere ulike for alle kraftverk, både uregulerte og regulerte, og gjere toppane mindre markerte.

## 6.2 Scenario 1

Scenario 1 representerer det mest sannsynlege scenarioet, med ei betydeleg mengde ny produksjon i regionen. Forbruket i regionen held seg som i dag, og eksportkapasiteten er forsterka gjennom ny linje frå Sogndal til Ørskog. I scenario 1.2 er i tillegg flaskehalsen over Sognefjorden delvis utbeta.

Det er gunstig å auke installasjonen i effektverket. For dei fleste prisscenario, verkar det gunstig å ha ei samla brukstid ned mot 2000-2500 timer i anlegga i Bremanger. Ved store prisskilnader verkar det mogleg å oppnå ei ekstrainntekt på 4-5 øre/kWh (12-15 % auke). Noverdien av ei slik ekstrainntekt er stor, i kapittel 8 er inntekta brukt til å optimalisere nye kraftverk. Energitapet i systemet er i området 4-5 % for scenario 1.1 og 2-3 % i scenario 1.2. Det er tydelig at scenario 1.1, som har minst eksportkapasitet, er det mest kritiske scenariet. Produksjonsmengda i regionen er større enn det som er fornuftig med tilgjengelig eksportkapasitet.

Pumpekraftverk har dårlig funksjon i scenario 1. Mengda uregulert energi er for liten til å dominere systemet, og vanleg regulert vasskraft fungerer godt nok som balansekrift. Det er først ved store døgnvariasjonar, 30 øre/kWh, at eit reikt kommersielt pumpekraftverk nærmar seg lønsemrd. Figur 5.12 viser at magasinkapasitet i storleik 20 000 MWh er tilstrekkelig i ein situasjon med store døgnvariasjonar. Eit kraftverk med 100-200 MW installasjon og 20 000 MWh magasinkapasitet kan generere inntekter i storleik 4-6 mill. NOK/MW. Pris som varierer i takt med uregulert produksjon, føreset mykje større magasinkapasitet (minst 100 000 MWh) før det gir inntekter av same storleik.

## 6.3 Scenario 2

I scenario 2 er systemet dominert av uregulert produksjon. Eksportkapasiteten er oppgradert, og det er nye 420 kV linjer både frå Sogndal til Ørskog, og Sogndal til Aurland. Eksportkapasiteten verkar til å vere tilstrekkelig. Energitapet er mellom 1-2 %, noko som er innanfor akseptable grenser.

Tilhøva for eit effektverk er relativt like som i scenario 1. Inntektpotensialet er i storleik 4-5 øre/kWh og det er gunstig å senke brukstida ned mot 2500 timer.

For pumpekraftverket er tilhøva derimot mykje betre i scenario 2. Den uregulerte produksjonen dominerer, og gir store kortsigte variasjonar i produksjon. Med tilgjengelig magasinkapasitet i regionen er det likevel døgnvariasjonar i pris som er gunstig. Medan scenario 1 trengde 30 øre/kWh døgnvariasjon for å nærme seg lønsemrd, er det tilstrekkelig med 20 øre/kWh i scenario 2. For at pumpekraftverk skal løne seg med prisvariasjon knytt til uregulert produksjon, er det nødvendig med minst 50 000 MWh magasinkapasitet.



# 7. Kostnadsoverslag

Følgjande kapittel tek for seg kraftverka i Bremanger (Svelgen, Åskåra og Øksnelvane), og vurderer kostnader for å auke installasjonen og byggje pumpekraftverk. Med unntak av Svelgen I, Bjørndalen og Dauremål, er alle kraftverka sett i drift mellom 1953 og 1973. Den tekniske tilstanden er relativt lik, og det er behov for vedlikehald/rehabilitering i nær framtid.

## 7.1 Føresetnader

Kostnadsberekingane er grove overslag, og utan stor detaljgrad. Dei kan difor sjåast på som forprosjekt-kostnader. Kostnadane er basert på NVE sin publikasjon “Kostnadsgrunnlag for vannkraftanlegg”, der prisnivået er oppdatert til 01.01.2010 (NVE 2010). Prisnivået er ikkje justert i berekningane. Vidare følgjer dei viktigaste føresetnadane.

Alle kraftverk er bygd parallelt med dagens eksisterande kraftverk, med eigen infrastruktur. Det einaste som eventuelt er nytta av eksisterande infrastruktur er deler av tilkomsttunnel, og magasin med tilhøyrande damanlegg. Alle andre element er føresett bygd nytt, for å forenkle berekningane. Det er i størst mogleg grad teke omsyn til eksisterande planar internt i SFE.

Vassvegen utgjer ein stor del av kostnaden på eit nytt kraftverk. Lengdene er funne ved enkle utmålingar frå kart (NVE Atlas 2012), og det er nytta helling 1:6 på tillauptunnel for å unngå sjakter så langt det lar seg gjere. Dimensjonane på vassvegen er funne ved følgjande føresetnader:

- Små konvensjonelle tverrsnitt (18-100 m<sup>2</sup>). V = 1 m/s
- Store konvensjonelle tverrsnitt (100+ m<sup>2</sup>). V = 1.5 m/s
- $A_{innlaup} = A_{utlaup}$
- Luker, sjakter o.l: V = 2 m/s.
- Turbinrør: V = 8 m/s

Antal aggregat er som ein generell regel valt slik:

- Francis-turbin: 2
- Pelton-turbin: 1

Det er verdt å merke seg at det berre er nytta eitt Pelton-aggregat, i Åskåra 3. Pelton har høg verknadsgrad for stor variasjon i vassføring. Samtidig er det andre kraftverk lågare i systemet som vil fange opp vatnet, slik at ikkje all energi går tapt ved vedlikehald og revisjon.

I kostnadsgrunnlaget frå NVE er det berre gitt kostnader for betongproppar opp til 300 m trykkhøgd. I fleire av kraftverka er trykkhøgda mykje større. Kostnaden for betongproppa er då rekna ut ifrå ein totalkostnad på 6000 NOK/m<sup>3</sup> (Lia 2012). Lengda av betongproppa er generelt sett til H/20 (5% av trykkhøgda), noko konservativt.

Det er stor usikkerheit i berekningane, noko som i størst grad gjeld kostnadene knytt til rehabilitering og vedlikehald av dagens kraftverk. Kraftverka er alle over si tekniske levetid, og truleg må det gjerast store investeringar nærmeste åra. Det er vanskelig å gje gode overslag på rehabiliteringskostnader, så det er gjort ein føresetnad om ein ekstrakostnad på 2 øre/kWh for å behalde dei gamle kraftverka. Der gamle kraftverk er nytta vidare, men brukstida er vesentleg redusert, er ekstrakostnaden sett til 1 øre/kWh (Skarstad 2012). Ekstra produksjon som følgje av nytt kraftverk er teke med i rekneskapen. Inkludert elsertifikat er kraftprisen sett til 40 øre/kWh. Prisen kan verke låg, men det må påpeikast at elsertifikata berre gir inntekter 15 første produksjonsåra. Både utgifter og inntekter over levetida, er rekna om til ein noverdi. Det er føresett ei teknisk levetid på 40 år og eit avkastningskrav på 6,5 %, som gir ein diskonteringsfaktor på 15 (TVM4128 2010). Føresetnadane er konservative, og kan forsvarast ut frå at investering i effektverk og pumpekraftverk er meir risikofylt enn tradisjonelle investeringar.

Produksjonspotensial er rekna ut frå eit enkelt overslag basert på tilsig og trykkhøgd. 2/3-middel er nytta for å finne gjennomsnittleg trykkhøgd ved inntak/utlaup i magasin. Totalverknadsgrad er sett til 87 %, inkludert flaumtap. Grunna god magasinkapasitet er det anteke at flaumtapet er i storleik 1-2 %.

Det er ulikt behov for nettoppgradering i dei valte lokalitetane, noko som gir store utslag på marginalkostnadene. I fleire tilfelle er det nettkostnaden som er dimensjonerande for val av installert effekt. Kristen Skrivarvik i SFE Nett har gjort grove overslagsberekingar for anleggsbidrag til nettoppgradering (Skrivarvik 2012).

Det er krav til dykking,  $H_s$ , av francisturbin for å unngå kavitasjon. Utrekninga er basert på kompendiet "Pumper og turbiner", skrive av Hermod Brekke (Brekke 2003). Likning (7.1) gir nødvendig dykking i meter.  $h_b$  er barometertrykk (10.3 m, minus 0.12 m per 100 m anlegget ligg over havflata), medan  $h_{va}$  er damptrykk (0,125 m ved 10 °C).  $NPSH_t$  (Net Positive Suction Head) er hastighetshøgde etter løpehjulet, minus strømningstap, gitt ved likning (7.2).

$$H_s \leq h_b - h_{va} - NPSH_t \quad (7.1)$$

$$NPSH_t = a \frac{c_{m2}^2}{2g} + b \frac{u_2^2}{2g} \quad (7.2)$$

Parametrane a og b er ut frå tabell 3.1 i kompendiet valt til a=1.8 og b=0.22 for pumpeturbin.  $c_{m2}$  og  $u_2$  er bestemt av turbindimensjoane.  $u_2$  er typisk 35-43 m/s og  $c_{m2} = \tan(\beta)u_2$ , der  $\beta = 13 - 19^\circ$ .  $u_2$  er valt til 40 m/s og  $\beta$  til 16°. Krav om dykking vert då:

$$H_s \leq (10.3 - 5 * 0.12) - (0.125) - 1.8 \frac{(\tan(16) * 40)^2}{2g} + 0,22 * \frac{40^2}{2g} \quad (7.3)$$

$$H_s \leq -20.4$$

Pumpeturbina er dykka 25 m under LRV i kostnadsberekingane, for ekstra sikkerheit. Same

utrekning for vanlege turbinar (med  $a=1.1$  og  $b=0.1$ ) gir eit krav om dykking på 10-15 m. Vanlege francis-turbinar er difor dykka 15 m i utrekningane.

Tabell 7.1 gir ein oversikt over hovudpostane i utrekningane.

Tabell 7.1: Postar i kostnadsutrekning

Byggjeteknisk	Elektroteknisk.	Maskinteknisk
Dam	Generator	Turbin/pumpeturbin
Inntak	Transformator	Turbinrør
Luker	Koplingsanlegg	Stengeventil
Stasjonshall	Kontrollanlegg	Sugerørsluke
Tilkomsttunnel	Hjelpeanlegg	Diverse utstyr
Inn-/utlaupstunnel	Kabelanlegg	
Betongpropp	Nettinvesteringar	
Tverrlag/svingekammer		
Vegarbeid		

Eit tillegg på 30 % er lagt til summen av kostnader for elementa vist i tabell 7.1. Tillegget skal dekkje renter i byggjetida (10 %), planlegging og byggjeleiing (10 %) og uføresette utgifter (10 %). Vidare følgjer ein presentasjon av totalkostnader for utvalte effektverk og pumpekraftverk. Detaljerte berekningar er vist i vedlegg B for minste installasjon. Dei andre installasjonane kan finnast i elektronisk vedlegg.

## 7.2 Effektverk

Basert på kraftverka i regionen og samtalar med SFE, er dei fire beste lokalitetane for effektverk valt ut. Det er lagt vekt på teknisk tilstand, nytt produksjonspotensial, magasin og eksisterande brukstid. Basert på ei totalvurdering er Øksnelvane, Åskåra 1, Svelgen 2 og Svelgen 3 vurdert til å vere beste kraftverka for ny effektinstallasjon. Kraftverka er oppsummert i tabell 7.2.

Tabell 7.2 viser at det i stor grad er dei store einingane som er vurdert. Valet er naturleg, då det er snakk om store nye effektinstallasjonar. Plassering av kraftverka viser i figur 7.1.

Figur 7.1 viser at alle kraftverka, unntatt Svelgen 3, har utlaup mot fjord. Det er også store breareal i fleire av nedslagsfelta. I delkapitla som følgjer er kostnader og vertikalsnitt for kvar av dei fire kraftverka presentert. Resultata i kapittel 5 viste at gunstige installasjonar har brukstider i området 2000-3500 brukstimar, og dei kostnadsrekna alternativa er valt deretter. Detaljar i berekningane er vist i vedlegg B.

Tabell 7.2: Utvalte kraftverk for effektauke

Kraftverk	Prod.	Ekstra Pot.	Install.	Fall	Tilsig	Brukstid	Byggjeår
	[GWh]	[GWh]	[MW]	[m]	[Mill.m <sup>3</sup> ]	[t]	
Øksenvane	150	27	2*14	375	200	5600	1953/55
Åskåra 1	386	60	90	665	260	3900	1970
Svelgen 2	210	35	30	492	220	7100	1958
Svelgen 3	140	35	27	492	160	5200	1963



Figur 7.1: Plassering av dei utvalte effektverka


### 7.2.1 Øksenvane

Øksenvane kraftverk er det eldste av dei store kraftverka i regionen, sett i drift i 1953. Dagens kraftverk har dårlig verknadgrad, og høg brukstid. Installasjonen er i dag 28 MW. Det er eit stort ekstrapotensial i betre utnytting av fallet. Sjå tabell 7.3.

Tabell 7.3: Øksenvane: Hovuddata for nytt kraftverk

Produksjon	177	[GWh]
Ny produksjon	27	[GWh]
Noverdi ny produksjon	160	[Mill. NOK]
Noverdi spart vedlikehald	120	[Mill. NOK]

Simuleringar utført i nMag av SFE viser potensial for 27 GWh ny produksjon, som med antekne økonomiske parametrar gir ein noverdi på 160 mill. NOK. SFE har estimert at det vil koste 120 mill. NOK å rehabiliter eksisterande kraftverk (SFE 2012c). Det nye kraftverket er tenkt bygd parallelt med dagens kraftverk, sjå planteikning i figur 7.2.



Figur 7.2: Øksendalsvatn: Vertikalsnitt for nytt kraftverk

Som figur 7.2 viser, er den nye kraftstasjonen lagt lenger inn i fjell enn dagens anlegg. Vassvegen består av konvensjonelt drive tunnel og sjakt. Gammal infrastruktur er ikke nytta. Tabell 7.4 oppsummerer utrekna kostnader for ulike effektinstallasjoner i Øksendalsvatn.

Tabell 7.4: Øksendalsvatn: Kostnad for effektauke

Installasjon [MW]	Brukstid [t]	Utbyggingskostnad [Mill. NOK]
50	3500	250
75	2400	310
100	1800	410

Nytt kraftverk i Øksendalsvatn er eit godt prosjekt. Den minste installasjonen kostar 250 mill. NOK, medan noverdien av inntektene er 280 mill. NOK. 100 MW installasjon krev omfattande nettoppgradering, noko som viser igjen i utbyggingskostnaden. Truleg er ein installasjon over 75 MW vanskeleg å forsvare.

## 7.2.2 Åskåra 3- Øvre Bredvatn


Åskåra 1 er det største kraftverket i regionen, med ein middelproduksjon på 386 GWh. Dagens kraftverk utnyttar fallet frå Store Åsgårdsvatn (kote 693-614), men mykje av nedslagsfeltet ligg høgare. I SFE pågår det arbeid for å utnytte fallet i nedslagsfeltet betre. Det mest aktuelle alternativet per dags dato er å utnytte fallet frå Øvre Bredvatn (kote 834) til fjorden, kalla Åskåra 3. Alternativet er oppsummert i tabell 7.5.

Tabell 7.5: Åskåra 3 - Øvre Bredvatn: Hovuddata for nytt kraftverk

Produksjon	270	[GWh]
Ny produksjon	60	[GWh]
Noverdi ny produksjon	370	[Mill. NOK]
Noverdi spart vedlikehald	60	[Mill. NOK]

I meldinga for det nye kraftverket er det presentert eit ekstrapotensial i overkant av 60 GWh ved ei slik utbygging (SFE 2012a). Samtidig gir ei utbygging mange sideeffektar, som er vel så viktige. Fleksibiliteten i systemet vert mykje betre, som mellom anna gir lengre tilgjengelige periodar for vedlikehald av Åskåra 1. Lågare tilsig senkar brukstida i Åskåra 1 frå 3900 til 2100 timer, med ein magasinkapasitet på 67 % (opp frå dagens 41 %). Åskåra 3 får ein magasinkapasitet i underkant av 20 %. Sparte vedlikehaldskostnader for Åskåra 1 er sett til 60 mill. NOK, tilsvarande 1 øre/kWh, som følgje av lågare brukstid og betre føresetnader for vedlikehald. Figur 7.3 viser ei mogleg utforming av Åskåra 3.

### Nytt kraftverk Åskåra 3



Figur 7.3: Åskåra 3 - Øvre Bredvatn: Vertikalsnitt for nytt kraftverk

Som figur 7.3 viser, kan tillaupstunnelen byggjast utan sjakt. Grunna vanskeleg tilgjengelig område, er kraftverket planlagt utan tverrslag. Kraftstasjonen er plassert 500 m lenger inne i fjellet enn eksisterande kraftstasjon for Åskåra 1 og 2. Eksisterande tilkomsttunnel er nytta så langt som råd, men separat utlaupstunnel er rekna med. Det kan vere aktuelt å kople seg på eksisterande utlaupstunnel, men det er ikkje teke omsyn til. Ein liten dam med 5 m høgde og 50 m lengde er også med. Tabell 7.6 oppsummerer utrekna kostnader for ulike effektinstallasjonar.

Tabell 7.6: Åskåra 3 - Øvre Bredvatn: Kostnad for effektauke

Installasjon [MW]	Brukstid [t]	Utbyggingskostnad [Mill. NOK]
75	3600	410
100	2700	440
125	2200	470
150	1800	450

Tabell 7.6 viser at Åskåra 3 betalar seg sjølv med ny produksjon og spart vedlikehald. Samla noverdi av inntektsgrunnlaget er 430 mill. NOK, medan utbygging av 75 MW installasjon kostar 410 mill. NOK. Nettet må oppgraderast for alle kostnadsrekna installasjonar, og kostnadsauken for ekstra effekt er tilnærma lineær. Betre utnytting av minstetverrsnitt gjer at kostnaden for ekstra effekt er relativt liten. På oppdrag frå SFE har Norconsult kostnadsrekna eit alternativ på 90 MW, og kom fram til ein kostnad på 395 mill. NOK, noko som viser at utførte kostnadsberekingar er konservative (SFE 2012a).

### 7.2.3 Svelgen 2

Svelgen 2 er eit typisk industrikkraftverk med ei brukstid på 7100 timar. Med ein produksjon på 212 GWh, er det stort rom for å auke effekten i kraftverket. Hovuddata for nytt kraftverk er oppsummert i tabell 7.7.


Tabell 7.7: Svelgen 2: Hovuddata for nytt kraftverk

Produksjon	245	[GWh]
Ny produksjon	35	[GWh]
Noverdi ny produksjon	210	[Mill. NOK]
Noverdi spart vedlikehald	60	[Mill. NOK]

Eit overslag gir eit energipotensial i storleik 250 GWh. Tabell 7.7 viser at ny produksjon har ein noverdi på 210 mill. NOK med gitte føresetnader.

Figur 7.4 viser eit vertikalsnitt av det nye kraftverket. Kraftstasjonen er trekt lenger inn i fjell, og eit tverrlag er tenkt plassert i nærleiken av Svelgsvatn. Vassvegen er forholdsvis lang, og utlaupstunnelen går i fjorden midt i bygda. Truleg må den nye utlaupskanalen koplast på den gamle.

## Nytt kraftverk Svelgen 2



Figur 7.4: Svelgen 2: Vertikalsnitt for nytt kraftverk

Tabell 7.8 viser total utbyggingskostnad for ulike effektinstallasjoner i Svelgen 2. Grunna lengre vassveg enn dei andre alternativa, er utbyggingskostnadene høge.

Tabell 7.8: Svelgen 2: Kostnad for effektauke

Installasjon	Brukstid	Utbyggingskostnad
[MW]	[t]	[Mill. NOK]
65	3800	370
75	3300	390
100	2400	500
125	2000	560

Ny produksjon og spart vedlikehaldskostnader er til saman 270 mill. NOK, og betalar ikkje investeringa for minste installasjon på 370 mill. NOK. Investeringa må eventuelt gjerast ut frå ei totalvurdering av systemet. Dei siste åra har Statkraft, som SFE forvaltar kraftverket for, utført rehabiliteringar for nærmere 60 mill. NOK på det gamle kraftverket (SFE 2012b). I ettertid kan det spørjast om slike investeringar var fornuftig på eit kraftverk som blir ståande med 7100 brukstimar.

### 7.2.4 Svelgen 3


Svelgen 3 er eit kraftverk med middels høg brukstid, men har stort potensial for ny produksjon. Det er to alternativ for ny utbygging. Alternativ 1 er å erstatte eksisterande kraftverk med eit nytt, og utnytte same fallet. Produksjonen vil ligge rundt 175 GWh. Dagens produksjon er 140 GWh, med andre ord ein auke på 35 GWh. Alternativ 2 er å behalde dagens kraftverk, men byggje ut fallet mellom Svartevatn og Indrehusvatn. Tilsiget vert redusert til eksisterande kraftverk, og brukstida blir senka til i underkant av 4500 timer (frå dagens 5200). Alternativet er kostnadsrekna tidligare, men vart vurdert til å vere for dyrt (Berdal Strømme 1998). Det er difor valt å kostnadsrekne eit kraftverk som utnyttar same fallet som eksisterande kraftverk. Tabell 7.9 gir hovuddata for det nye kraftverket.

Tabell 7.9: Svelgen 3: Hovuddata for nytt kraftverk

Produksjon	175	[GWh]
Ny produksjon	35	[GWh]
Noverdi ny produksjon	220	[Mill. NOK]
Noverdi spart vedlikehald	40	[Mill. NOK]

Tabell 7.9 viser at ny produksjon utgjer størsteparten av finansieringsgrunnlaget for nytt kraftverk, med ein overdi på 220 mill. NOK. Eit vertikalsnitt for kraftverket er vist i figur 7.5.

### Nytt kraftverk Svelgen 3



Figur 7.5: Svelgen 3: Vertikalsnitt for nytt kraftverk

Kraftstasjonen er også her trekt lenger inn i fjell. Figur 7.5 viser at det er nødvendig med sjakt, og eit tverrslag er tenkt plassert i overkant av sjakta. I berekninga er det teke med kostnaden for å etablere tilkomst til inntaksmagasinet. Tabell 7.10 viser utrekna kostnader for ulike effektinstallasjoner.

Tabell 7.10: Svelgen 3: Kostnad for effektauke

Installasjon [MW]	Brukstid [t]	Utbygginskostnad [Mill. NOK]
50	3500	260
75	2400	300
100	1800	360

Overdien av inntektene, 260 mill. NOK, finansierer akkurat minste alternativet med 50 MW effekt (260 mill. NOK). Kostnaden for ekstra effekt held seg tilnærma lineær.

## 7.3 Pumpekraftverk

I samarbeid med SFE er dei to beste lokalitetane for pumpekraftverk i Bremanger plukka ut. I hovudsak er følgjande kriterium lagt til grunn:

- Eksisterande øvre og nedre magasin med god kapasitet
- God fallhøgd
- Lengda på vassveg
- Eksisterande tilkomst, eller mogleg å etablere tilkomst til nedre magasin utan store problem

Basert på kriteria fall valet på magasinpara Isavatn-Bjørndalen (Øksenelvane) og Svartevatn-Lilleteigvatn (Svelgen 3). Dei er heretter referert til som høvesvis Isavatn og Svartevatn. Hovuddata for alternativa er oppsummert i tabell 7.11. Falla er ikkje utnytta til kraftproduksjon i dag.

Tabell 7.11: Pumpekraftverk: Hovuddata for vurderte alternativ

		<b>Isavatn</b>	<b>Svartevatn</b>
Øvre magasin HRV-LRV	[moh]	975-912	771-749
Nedre magasin HRV-LRV	[moh]	494-419	494-462
Kapasitet øvre magasin	[mill $m^3$ ]	20	30
Kapasitet nedre magasin	[mill $m^3$ ]	27	51
Brutto fall (2/3-middel)	[m]	485	290
Energiekvivalent	[kWh/mill. $m^3$ ]	1,15	0,69

Som tabell 7.11 viser er øvre magasin begrensande for begge alternativa. I Isavatn er energikapasiteten 24 000 MWh og i Svartevatn 21 000 MWh. Energimessig er difor alternativa relativt like, til tross for ulikt fall. Resultata i kapittel 5 viste at det er liten økonomisk vinst i å ha større magasinkapasitet ved store døgnvariasjonar i pris, difor er kapasiteten vurdert til å vere god nok. Alternativet er å investere i større magasinkapasitet, men med marginalt inntektsgrunnlag er det vurdert til å vere for dyrt.

Tre ulike effektinstallasjonar (50, 100 og 200 MW) er kostnadsrekna for kvart av alternativa. Dei bygningsmessige føresetnadane er som for tradisjonelle kraftverk. Den elektromekaniske installasjonen er derimot meir komplisert. Ein har i realiteten to val, pumpedrift med eller uten turtalsregulering. Turtalsregulering i pumpemodus føreset ein asynkron generator/motor, som gjer det mogleg å variere effektuttaket. Eit turtalsregulert aggregat kan drifte i spekteret 60-100 % av maksimalt effektuttak, medan eit aggregat med fast turtal berre kan køyre på maksimal effekt.

Det er stor usikkerheit i dei elektromekaniske kostnadane for eit pumpekraftverk. I NVE-rapporten "Pumpekraft i Norge" utført av Vattenfall, er totalpris for ulike elektromekaniske installasjonar utrekna til (NVE 2011d):

- 50 MW: 3.0-6.0 mill. NOK/MW
- 100 MW: 2.0-3.0 mill. NOK/MW
- 500 MW: 1.5-2.0 mill. NOK/MW

Her er installasjonane valt som ein kombinasjon av aggregat med og utan turtalsregulering i pumpemodus. Installasjonar over 500 MW er ikkje aktuelt, men kostnaden flatar ut over 500 MW ifølgje rapporten. Det er tydelig at det skal mykje til å forsvare å byggje eit pumpekraftverk med installasjon mindre enn 100 MW.

I simuleringane er det sett som ei forenkling at pumpekraftverket kan operere i heile effektspekteret. Kostnadsmessig er den elektromekaniske pakken i storleik 20 % høgare for eit pumpeaggregat utan turtalsregulering samanlikna med eit vanleg aggregat. Turtalsregulerte pumpeaggregat er rekna for å vere minst dobbel pris av eit vanleg aggregat (Lia 2012). Grunna marginale inntekter for pumpekraftverket, er det valt aggregat med fast turtal i pumpemodus i vidare berekningar. NVE-grunnlaget er brukt på vanleg vis, og elektromekaniske kostnader er auka med 20 %.

Ut frå kostnadsmessige vurderingar, er det brukt eitt aggregat ved 50 MW installasjon og 2 aggregat ved 100 og 200 MW installasjon. 2 aggregat gir større fleksibilitet, men med 50 MW installasjon er det vurdert til å vere for dyrt. Elektromekaniske kostnader er typisk 2-3 mill. NOK/MW med valte føresetnader. Detaljerte kostnadsberekingar er vist i vedlegg B.

### 7.3.1 Isavatn


Pumpekraftverk Isavatn er plassert som figur 7.6 viser.



Figur 7.6: Isavatn: Plassering av pumpekraftverk

Det er god tilkomst til nedre magasin, så det er ikkje nødvendig å etablere ny anleggsveg. For å unngå sjakt er tillauptunnelen lagt i bue med helling 1:6, noko som medfører kortare tilkomsttunnel.

Vertikal utforming av pumpekraftverket er vist i figur 7.7.



Figur 7.7: Isavatn: Vertikalsnitt for pumpekraftverk

Figur 7.7 viser at tillauptunnelen kan utformast utan sjakt. Turbina er dykka 25 m under LRV for å unngå problem med kavitasjon. Stort fall og kort vassveg gjer det til ein gunstig lokalitet for eit pumpekraftverk.

Tabell 7.12 viser at det er store investeringskostnader for eit pumpekraftverk. For Isavatn vil deler av investeringa kunne forsvarast ved å utnytte det naturlige tilsiget. Prosjektoppgåva knytt til Øksenelvvassdraget viste eit potensial på 18 GWh ved å utnytte fallet mellom Isavatn og Bjørndalsvatn (Erdal 2011). Minstetverrsnitt i vassvegen gjer alternativet med 50 MW installasjon forholdsvis dyrt. Mange av dei elektromekaniske kostnadane er også like for ein stor og liten installasjon.


Tabell 7.12: Isavatn: Kostnadsestimat

Installasjon	Utbygginskostnad
[MW]	[Mill. NOK]
50	310
100	460
200	730

50, 100 og 200 MW kostar henholdsvis 6.2, 4.6 og 3.6 mill. NOK/MW, vist i tabell 7.12. Utbyggingskostnadane ligg i nedre sjikt av kostnadane presentert i "Pumpekraft i Noreg", noko som kan forklarast av høgt fall og kort vassveg (NVE 2011d).

### 7.3.2 Svartevatn


Pumpekraftverk Svartevatn er plassert som figur 7.8 viser.



Figur 7.8: Svartevatn: Plassering av pumpekraftverk

Som figur 7.8 viser er Lilleteigvatn kopla saman med Handklevatn med eksisterande tunnel, og magasina utgjer til saman nedre magasin for pumpekraftverket. Lilleteigvatn er for øvrig inntaksmagasin for Svelgen 3. Det vil vere nødvendig å etablere tilkomst til Lilleteigvatn. Figur 7.9 viser vertikal utforming av pumpekraftverket.

### Pumpekraftverk Svartevatn



Figur 7.9: Svartevatn: Vertikalsnitt for pumpekraftverk

Figur 7.9 viser at vassvegen kan etablerast utan sjakt, og det er mogleg å finne tilstrekkelig overdekning. Pumpturbina er dykka 25 m under LRV i Lilleteigvatn.

Kostnader for pumpekraftverk i Svartevatn er oppsummert i tabell 7.13.

Tabell 7.13: Svartevatn: Kostnadsestimat

Installasjon [MW]	Utbygginskostnad [Mill. NOK]
50	290
100	500
200	820

Tabell 7.13 viser at utbyggingskostnaden for 50, 100 og 200 MW er 5.8, 5.0 og 4.1 mill. NOK/MW. Studien “Pumpekraftverk i Noreg” viste at det kostnadsmessig er gunstig med høgt fall, noko som kan forklare at Isavatn er billigare (NVE 2011d). Vassvegen får mindre tverrsnitt, og aggregata kan byggjast meir kompakte. For 50 MW er vassvegen betre utnytta i Svartevatn, noko som gjer totalinvesteringa billigare. Anleggsbidrag for forbeting av nettet er i same storleik for dei to alternativa.

Fallet mellom magasina er ikkje utnytta til kraftproduksjon, og noko av investeringa kan forsvarast ved tradisjonell energiproduksjon. Eit overslag gir eit potensial på 17 GWh.

# 8. Optimalisering

Basert på resultata frå simuleringane i kapittel 5 og kostnadsberekingane i kapittel 7, er det gjennomført ei optimalisering av installasjon både for effektverka og pumpekraftverka. Vurderinga byggjer på ei marginalbetrakting, der marginalinntekt og marginalkostnad er samanlikna.

For å begrense omfanget, er eit typisk prisscenario valt ut. Simuleringsresultata viste at det er døgnvariasjonar som er gunstig, spesielt for pumpekraftverk, men også effektverk. Prisscenariet med 20 øre/kWh døgnvariasjon er difor valt som dimensjonerande.

## 8.1 Effektverk


Det er to alternativ i optimaliseringsprosessen for effektverket. Enten kan dei utvalte kraftverka bli dimensjonert kvar for seg, eller så kan effekten bli installert der det er billigast. Det er fleire årsaker til at førstnemnde er valt. Ved ei samla rangering av marginalkost, vil det vere billigast å gjere store deler av effektinstallasjonen i eitt kraftverk. Som eksempel viste kostnadsberekingane at marginalkostnaden for ekstra effekt er låg i Åskåra 3, medan den er dyr i Svelgen 2. Ved ei samla dimensjonering vil difor Svelgen 2 bli ståande som i dag, med ei brukstid over 7000 timer, medan Åskåra 3 blir dimensjonert med brukstid omkring 2000 timer. Svelgen 2 har 38 % magasinkapasitet, medan Åskåra 3 har 18 %. Magasinkapasiteten vert dårlegare utnytta og totalsystemet får liten fleksibilitet. I simuleringsmodellen opererte effektverka som eitt kraftverk med 45 % magasinkapasitet, noko som også talar for å gjere dimensjoneringa kvar for seg.

I dei neste delkapitla er effektinstallasjon optimalisert for kvar av dei fire utvalte kraftverka. Marginalinntekta er basert på den gjennomsnittlege oppnådde spotprisen for samla installasjon, presentert i kapittel 5. Årlege inntekter er neddiskontert med ein faktor 15 (6,5 % rentesats, 40 øre/kWh og 40 års levetid). Marginalkostnaden er basert på kostnadsberekingane i kapittel 7, der det vart teke utgangspunkt i eit minste alternativ. Minste utrekna alternativ har brukstider i området 3600-3800 timer. Høgare brukstid i nye kraftverk er vurdert til å ikkje vere realistisk. Eininga er mill. NOK/MW. Grunnlaget for grafane er vist i vedlegg C, der marginalinntekter for andre prisscenario også er rekna ut.

For effektverka var trenden lik for dei ulike prisscenaria. Vedlegg C viser at også dei andre prisscenaria gir optimal brukstid i same området. Resultata er difor vurdert til å vere representative for fleire utfall. Kostnadskurva startar frå 0 i tre av kraftverka. Dette er fordi minste installasjon er betalt av inntekter frå ny produksjon og spart vedlikehald.

### 8.1.1 Øksenvane

Figur 8.1 viser marginalbetrakting for effektinstallasjon i nytt kraftverk i Øksenvane.




Figur 8.1: Øksenvane: Marginalbetrakting

Figur 8.1 viser at dei ulike scenaria gir ulik optimal installert effekt. Medan scenario 1.1 og 2 gir optimalpunkt på 2900 brukstimar, gir scenario 1.2 2700 timar. Spennet kan likevel seiast å vere lite. Grafane viser at marginalinntekta stuper for brukstid mindre enn 3000 timer, medan marginalkostnaden aukar tilsvarande. Installasjonar med lågare brukstid kan vere risikofylt med små endringar i marknaden, og såleis gje lite inntektpotensial. Optimal brukstid er valt til 2800 timer.

### 8.1.2 Åskåra 3- Øvre Bredvatn

Figur 8.2 viser marginalbetraktinga for Åskåra 3.




Figur 8.2: Åskåra 3- Øvre Bredvatn: Marginalbetrakting

Figur 8.2 viser at scenario 1.1 og 2 gir optimalpunkt på 2800-2900 brukstimar, medan scenario 1.2 i området 2700 timer. Marginalkostnaden er tilnærma flat, det er med andre ord ikkje så mykje å spare på å velje høgare brukstid. Optimal brukstid er også her valt til 2800 timer.

### 8.1.3 Svelgen 2

Figur 8.3 viser ei marginalbetrakting for ny effektinstallasjon i Svelgen 2.




Figur 8.3: Svelgen 2: Marginalbetrakting

Samanlikna med dei andre prosjekta er kostnaden høg for å senke brukstida i Svelgen. For totalsystemet kan det likevel vere gunstig å senke brukstida. Brukstid i området 3200-3500 gir lønsemrd for scenario 1.2 og 2. Marginalkostnaden skyt i veret for brukstid under 3000 timer, mellom anna som ein følgje av behov for nettoppgradering. På grunn av den store auken i marginalkostnad, og skilnad i inntektpotensial mellom scenaria, er optimal brukstid vurdert til å vere 3200 timer.

### 8.1.4 Svelgen 3

Figur 8.4 viser marginalbetraktinga for effektinstallasjonen i nytt kraftverk i Svelgen 3.




Figur 8.4: Svelgen 3: Marginalbetrakting

Figur 8.4 viser at optimalpunktet ligg i området 2800-2900 brukstimar. 2900 brukstimar blir valt som ny effektinstallasjon.

## 8.2 Pumpekraftverk

Simuleringane viste at det er store døgnvariasjonar som gir grunnlag for eit pumpekraftverk i regionen. Det er sett som ein føresetnad i simuleringane at dagens kraftverk vert oppgradert før eit pumpekraftverk er aktuelt. Ei investering i eit pumpekraftverk kjem difor i neste rekke, etter oppgradering av effektverka i forrige delkapittel.

Kostnadsberekingane viste at pumpekraftverk har uforholdsmessig høg pris for låg effektinstallasjon. Ein føresetnad i optimaliseringa er difor at pumpeeffekten er samla i eitt kraftverk. Figur 8.5 viser ei marginalbetrakting for dei to pumpekraftverka.



Figur 8.5: Marginalbetrakting for pumpekraftverk

Marginalkostnaden flatar ut etter 100 MW installert effekt. Det kjem blant anna av at mange av komponentane er like for eit stort og lite pumpekraftverk, og minstetverrsnittet for vassvegen er betre utnytta. Frå figuren kan det tolkast at Isavatn har gunstig fallhøgd for eit pumpekraftverk i storleik 100-200 MW. Minstetverrsnittet er godt utnytta, og lengda på vassvegen er kort. Ved 200 MW installasjon er det liten skilnad i marginalkostnaden mellom Isavatn og Svartevatn.

Inntektpotensialet er relativt likt i scenario 1.1 og 1.2, medan scenario 2 skil seg ut. Det er tydeleg at det krev store mengder ny uregulert produksjon for å kunne forsvare investering i eit pumpekraftverk. Scenario 2 gir lønsemd for så og seie alle installasjonar. For scenario 1 er det berre ein installasjon kring 100 MW i Isavatn som er i nærleiken av å gje lønsemd. For å gjøre pumpekraftverket lønsamt for størst mogleg utfallsrom, er optimal installert effekt valt til 100 MW og utbygd mellom Isavatn og Bjørndalsvatn.

## 8.3 Oppsummering optimalisering

Tabell 8.1 oppsummerer den totale investeringspakken, i prioritert rekjkjefølgje. Utbyggingskostnaden er interpolasjon mellom dei utrekna installasjonane.

Tabell 8.1: Oppsummering optimale installasjonar

Kraftverk	Installasjon	Brukstid	Ny effekt	Utbygginskostnad
	[MW]	[t]	[MW]	[Mill. NOK]
Øksnelvane	63	2800	35	280
Åskåra 3	95	2800	95	430
Svelgen 3	60	2900	33	280
Svelgen 2	77	3200	47	400
Pumpekraftverk Isavatn	100		100	460

Summert gir dei fire effektverka 210 MW ny effekt. Totalt vil Bremanger-anlegga få ein installert effekt på 490 MW, og ei gjennomsnittleg brukstid på 3100 timer. Årleg produksjon vil ligge rundt 1550 GWh. Ei slik opprusting vil koste omlag 1400 mill. NOK, og er ei stor investering. Utbyggingane vil gje 160 nye GWh, som forsvarer mykje av investeringa. Porteføljen av kraftverk blir betre rusta til å takle ny uregulert produksjon i systemet.

Som ein føresetnad er kraftverka optimalisert kvar for seg. Ein totalinstallasjon på 490 MW er likevel i det området som simuleringane viste var ein gunstig totalinstallasjon når dei opererte som eitt samla kraftverk. Den nye effekten vert litt dyrare ved å fordele den på dei ulike anlegga, men totalsystemet vert samtidig meir fleksibelt og meir likt det som vart simulert.

Optimaliseringa for effektverka er basert på gjennomsnittleg oppnådd spotpris. Resultata i kapittel 5 viste at det også er andre positive sideeffektar. Mellom anna er det mogleg å senke energitapet i systemet. Simuleringane viste ein tendens til at energitapet flata ut i området 500-600 MW total installert effekt, noko som stemmer godt med resultatet av optimaliseringa.

Pumpekraftverk er først aktuelt ved store døgnvariasjonar i spotprisen. Ut frå simuleringane og kostnadsberekinga må døgnvariasjonen vere minst 20 øre/kWh før det er lønsamt med tilgjengelige magasin i regionen. Dersom spotprisen får ein slik skilnad, vil det beste alternativet vere å byggje eit pumpekraftverk på 100 MW i Isavatn. Kostnaden på ei slik investering vil vere rundt 460 mill. NOK utan turtalsregulering i pumpemodus. Turtalsregulering vil auke kostnaden betrakteleg.

Alle føreslegne tiltak vil til saman ha ei investeringsramme i underkant av 2000 mill. NOK. Med andre ord ei stor investering for eit kraftselskap som SFE, og det er lite truleg at ei slik investering kan gjennomførast i nærmeste framtid. Det er meir sannsynleg at ein på lang sikt vil kome ut med den føreslegne løysinga.



# 9. Diskusjon

## 9.1 Modell

Modellen er eigenutvikla med dei begrensninga det inneber. Det er i første rekkje produksjonsplanlegging som gir usikkerheit. Utan avanserte dataprogram, er produksjonsplanlegging vanskelig å implementere på ein fornuftig måte. Løysinga som er valt, med kjent gjennomsnittspris neste månaden, er ei tilnærming til vassverdi. Perfekte prisprognosar er ikkje mogleg i kraftmarknaden, og tilnærminga gir større inntekter enn i ein marknadssituasjon. Samtidig er det andre kjelder som påverkar resultata i konservativ retning. Mellom anna prioriteringa dei ulike energikjeldene har i modellen. Det er lite realistisk at den uregulerte produksjonen får førsteprioritet i marknaden utan å måtte selje for lågare pris.

Fleire forenklingar er gjort i modellen. Datamengda er sterkt begrensa ved å handtere dei ulike energikjeldene som ei samla eining, med produksjon og tilsig skalert frå eit eksisterande kraftverk. I realiteten vil porteføljen av kraftverk og energikjelder utjamne kvarandre i større grad enn det som kjem fram i simuleringane.

I samtalar med SFE er scenaria valt for å reflektere situasjonar som kan oppstå. Scenario 1 er det mest sannsynlege, medan scenario 2 representerer “worst-case”. Det er lite truleg at ny produksjon blir bygd ut, utan at tilfredsstillande nettløysing er på plass. I Sogn og Fjordane er det ikkje gitt nye konsesjonar siste åra, i påvente av den nye 420 kV linja frå Sogndal til Ørskog (NVE 2012). Eksportkapasiteten i scenaria er difor til ein viss grad tilpassa dei ulike produksjonsnivåa. Resultata viste at det er særleg i scenario 1.1 at eksportkapasiteten er anstrengt.

Pris er implementert i modellen for å sjå korleis marknadsmekanismane påverkar val av installasjon for effektverk og pumpekraftverk. Om prisscenaria er realistiske kan sjølv sagt diskuterast. Men truleg vil eventuelle prisvariasjonar vere påverka av forbruk (døgnvariasjonar) eller mengde uregulert produksjon.

## 9.2 Effektverk

Rapporten viser at effektverk er beste og billigaste løysinga for å forbetra kraftsystemet i oppgåveområdet. Det er forventa utbygging av mykje ny uregulert produksjon i området, med dei utfordringar det gir for systemet. Kraftprodusentar med reguleringsmagasin får også problem som følgje av utbygginga. Tilsiget til småkraftverk og regulert vasskraft følgjer naturlig nok kvarandre, og gjer at det oppstår konsentrerte overskotsperiodar. Seinsommar og tidlig haust er mest kritisk. Fulle magasin, stort tilsig og tidvis høg vindkraftproduksjon gir stort press på nettkapasiteten. Utfordringa for produsentar med reguleringsmagasin vil vere å stå over overskotsperiodane, for å unngå å måtte selje produksjonen til låg pris.

Ei teknisk-økonomisk optimalisering for dei fire valte lokalitetane gir brukstider i området 2800-3200 timer. Dei gode prosjekta har optimale brukstider i underkant av 3000 timer. Reint energiøkonomisk er brukstid i området 2500-3000 timer vurdert til å vere fornuftig. I kombinasjon med god magasinkapasitet gir det ein fridom i produksjonsplanlegginga, slik at ein kan unngå å produsere ved produksjonstoppene frå uregulerte kraftkjelder. Mange av prosjekta viser seg å vere lønsame utan inntektpotensialet frå den simulerte effektkøyringa. Føresetnadane i optimaliseringa var 20 øre/kWh døgnvariasjon, noko som verkar til å vere langt fram i tid.

For kraftverk er levetida 40-60 år. Å gjere fornuftige framtidsvurderingar er heilt nødvendig. Ei tilnærming er å sjå etter ein trend med ulike marknadssituasjonar. I rapporten er dette gjort både ved å variere produksjonsvolumet i regionen og prisvariasjonane i marknaden. Resultata viste ein tydelig trend. Mindre enn 2000 brukstimar gav ingen positive verknader i noko scenario, og brukstid mellom 2000-2500 timer gav berre marginale verknader på systemet. Resultata stemmer godt overeins med eksisterande effektverk. Kvilldal er eit av dei typiske effektverka i Noreg i dag, med 1240 MW installert effekt. Brukstida i anlegget er 2400 timer (NVE 2012).

Svelgen 2 er kraftverket med dårligaste føresetnadane for ny effektinstallasjon, mykje på grunn av rehabiliteringsarbeidet som er utført siste åra. I ettertid kan det diskuterast om kapitalen frå rehabiliteringa heller skulle blitt brukt til å finansiere eit nytt kraftverk. Investeringar i å rehabilitera gamle kraftverk låser mykje kapital, og grundige vurderingar bør liggje til grunn.

Modellen tek ikkje omsyn til regulerkraftmarknaden. Det er forventa at regulerkraft vert betalt i framtida. Slike ekstrainntekter vil også påverke val av brukstid. Truleg er det difor rom for å senke brukstida endå lågare enn resultata i rapporten. Anbefalte brukstider (som kun tek utgangspunkt i spotprismarknaden) er likevel gode utgangspunkt for ei strategisk vurdering som tek omsyn til både spotpris- og regulerkraftmarknad. Stor tru på regulerkraftmarknaden kan gjere val av installasjonar ned mot 1000-1500 timer aktuelt (Haugnes 2012).

## 9.3 Pumpekraftverk

Pumpekraftverk er omdiskutert i Noreg. Grunna store effektreservar er mange skeptiske til at pumping av energi blir lønsamt. Simuleringane viste at det er først i scenario 2, med stort innslag av uregulert produksjon, at funksjonen av pumpekraftverket var tilfredsstillande.

Scenario 2 har 2100 MW samla installasjon av småkraft og vindkraft, medan den regulerte produksjonen har 500 MW installasjon. Med andre ord er det først når dei uregulerte kjeldene dominerer systemet at pumpekraftverk er aktuelt.

Eit pumpekraftverk i eksisterande magasin i oppgåveområdet, er best tilpassa å regulere døgnvariasjonar i pris. Optimaliseringa viste at pumpekraftverket treng minst 20 øre/kWh prisvariasjon for å gi lønsemd. Slike prisvariasjonar finn ein allereie i Europa, og der er lønsemda i pumpekraftverk god (EEX 2012). Magasinkapasitet tilsvarande 20 000 MWh, verkar til å vere tilfredsstillande ved store døgnvariasjonar i pris. Investering i nye magasin er difor vurdert til å ikkje vere nødvendig. Optimal installert effekt ligg truleg i området 100-200 MW for eit pumpekraftverk med 20 000 MWh magasinkapasitet og døgnvariasjonar i spotpris. Ein slik installasjon verkar fornuftig ut frå føresetnadane.

For prisscenaria som følgjer uregulert produksjon, var det vanskeligare å finne lønsemd. Først med magasinkapasitet i området 100- 200 000 MWh gav det tilfredsstillande inntekter. Den uregulerte produksjonen har klare sesongvariasjonar, og pumpekraftverket fekk ei rolle for sesongregulering. Det er lite truleg at dei eksisterande systema i Nordfjord vil bli brukt til å sesongregulere uregulert produksjon. Til det er magasinkapasiteten for liten. Det er nærliggjande å tru at dei store kraftverkssystema i Indre Sogn er å føretrekkje til eit slikt formål.

Prisvariasjonane i modellen er store. Truleg må det til ei massiv utbygging av utanlandskabler før det er realistisk. Frå Statnett er det uttalt at utbygging av innanlands nett er flaskehalsen for å auke utvekslinga med Europa. Stor lokal motstand og lange søknadsprosessar, kombinert med eit nett som treng opprusting, gjer det til ei tidkrevjande oppgåve. Dersom innanlands nett ikkje er sterkt nok, vil det oppstå isolerte regionar med kontinentale prisar. Ein slik situasjon er gunstig for kraftprodusentar, men vert nok ikkje tilte på politisk plan (Skrivarvik 2012).

I Europa er pumpekraftverka delvis finansiert som ei nettinvestering. I Noreg er nettregulering utført med effektreserven frå vasskraftsystemet. Dersom systemet blir utbygd med mykje uregulert produksjon kan det tenkjast at også Noreg får slike finansieringsordningar. Investeringa er stor, særleg ved installasjon av turtalsregulering i pumpemodus. Det er av den grunn lite truleg at pumpekraftverk vert bygd utan delvise finansieringsordningar eller langsiktige kontraktar.

## 9.4 Miljø

Miljø kjem stadig meir i fokus i Noreg, og vil truleg utgjere ein stor del av beslutningsgrunnlaget for eventuelle framtidige utbyggingar. Kraftverka i Bremanger verkar til å vere ein gunstig lokalitet miljømessig.

- Det er ingen busetnad, og minimalt med ferdsel i området. På vinteren er det knapt nok mogleg å ferdist i området.
- Nye inngrep vil ikkje vere synlege frå busette områder.
- Landskapet er goldt, med lite vegetasjon og prega av blankskura berg. Hurtige variasjonar i magasin er truleg lite problematisk.

- Ingen av kraftverka har utlaup mot elv. Avlaupet går enten rett i fjorden eller i nytt magasin.
- Det er også viktig å understreke at kraftverka er over si tekniske levetid. Innanfor rimeleg tid må kraftverka rehabiliterast eller erstattast.

## 9.5 Vidare arbeid

Fleire rapportar har sett på det tekniske potensialet for effektverk og pumpekraftverk i Noreg. Med politisk vilje og store nettinvesteringar er det stort potensial for slike kraftverk i Noreg. Det er likevel heilt nødvendig å studere inntektpotensialet. Kva skal til for å gjøre investeringane lønsame og kven skal betale? I rapporten er det gjort eit forsøk på å skalere eksisterande prisskilnader i den norske spotprismarknaden. Prisspekulasjonane er i høgste grad usikre, og vidare vil det vere viktig å få på plass realistiske prisscenario for den nordiske marknaden. I den grad det er mogleg.

For kraftprodusentar i Nordfjord og Sogn og Fjordane er det i nærmeste framtid nødvendig å gjøre nokre strategiske val. Mange av kraftverka er gamle, og det er viktig å tilpasse seg nye marknadssituasjonar. Det må gjerast grundige vurderingar for investeringar, sidan levetida er lang og usikkerheita i framtidig kraftmarknad stor. Ei vidareutvikling av ein tilsvarande modell kan vere fornuftig i eit slikt arbeid. Ein modell som også genererer inntekter frå regulerkraftmarknaden vil vere spennande.

Storskala investering i balanserande vasskraft er truleg ikkje mogleg utan finansieringsordningar. Dersom det er ønskjeleg å byggje ut det norske systemet, bør det kartleggjast kva som skal til for at kraftprodusentar er villige til å investere. Betre betaling for regulerkraft og langsiktige kontraktar er moglege finansieringsordningar.

# 10. Konklusjon

Resultata i rapporten byggjer på mange antakelsar, noko som er heilt nødvendig i ei slik oppgåve. Det er likevel nokre hovudkonklusjonar å trekkje, som verkar til å gjelde for fleire utfall.

Effektverk verkar i stor grad å løyse lokal balansering like godt som pumpekraftverk med realistisk mengde ny uregulert energi i systemet. Sesongvariasjonar i uregulert produksjon gjer det vanskeleg å balansere produksjonen utan stor magasinkapasitet. Av den nye uregulerte produksjonen er det særleg småkrafta som gir problem, fordi produksjonstoppene kjem samtidig som fulle magasin og stort tilsvig til anna vasskraft. Endring av køyremønster for eksisterande regulert vasskraft kombinert med auka installert effekt er truleg beste løysinga for å unngå produksjonstoppene på seinsommaren.

Optimalisert brukstid for effektverka i rapporten ligg mellom 2800-3200 timer. Det er tilrådd å ruste opp valte kraftverk i rekkjefølgja: Øksenvane, Åskåra 3, Svelgen 3, Svelgen 2. Bremanger-anlegga får ein total installasjon på 490 MW, opp frå dagens 280 MW. Gjennomsnittlig brukstid er redusert frå 4900 til 3100 timer.

For nye kraftverk med god magasinkapasitet er det anbefalt brukstid i området 2500-3000 timer. Lågare brukstid enn 2500 timer må begrunnast ut frå andre omsyn enn spotprismarknaden. Andre inntektskjelder kan gjere lågare brukstider økonomisk.

Først med store mengder ny uregulert produksjon i systemet, vert pumpekraftverk lønsamt. Med utgangspunkt i eksisterande infrastruktur i oppgåveområdet er beste plassering for eit pumpekraftverk vurdert til å vere mellom Isavatn og Bjørndalen. Store døgnvariasjonar i pris, 20-30 øre/kWh, er nødvendig for å gjere det lønsamt. Ein fornuftig installasjon til eksisterande magasinkapasitet ligg i området 100-200 MW. 100 MW er valt i rapporten.



# Referansar

- Berdal Strømme (1998). *Ny stasjon for fallet Svartevatn- Indrehusvatn*. Berdal Strømme for Bremanger Smelteverk.
- Brekke, H. (2003). *Pumper og turbiner*. NTNU.
- CEDREN (2011a). *Økt balansekraftkapasitet i norske vannkraftverk*. CEDREN (Sintef og NTNU i samarbeid).
- CEDREN (2011b). *Perspectives on hydropower's role to balance non-regulated renewable power production in Northern and Western Europe*. CEDREN (Sintef og NTNU i samarbeid).
- EEX (2012). European energy exchange (EEX). <http://eex.com>.
- Erdal, E. (2011). *Opprusting og utviding av kraftverk i Øksenvane*. NTNU.
- Fornybar.no (2012, Mars). En informasjonsressurs for fremtidens energisystemer. [www.fornybar.no](http://fornybar.no).
- Haugnes, B. (2012). Munnleg referanse.
- IEA (2011). *Harnessing variable renewables*. International Energy Agency (IEA).
- Kvernevik, A. (2012). Munnleg referanse.
- Lia, L. (2012). Munnleg referanse.
- Meteorologisk Institutt (2012). eKlima. Tilgang til Meteorologisk institutts vær- og klimadata. <http://eklima.no>.
- Nordpool (2012). Elspot prices. [www.nordpoolspot.com](http://www.nordpoolspot.com).
- NVE (2004). *Beregning av potensial for små kraftverk i Norge*. NVE.
- NVE (2008). *Mulighetsstudie for landbasert vindkraft 2015 og 2025*. NVE og Enova i samarbeid.
- NVE (2010). *Kostnadsgrunnlag for vannkraftanlegg*. NVE og Sweco Norge.
- NVE (2011a, November). Elsertifikat. [www.nve.no](http://www.nve.no).
- NVE (2011b). *Energibruk, Energibruk i Fastlands-Norge*. NVE.
- NVE (2011c). *Økt installasjon i eksisterende kraftverk- Potensial og kostnader*. Norconsult for NVE.
- NVE (2011d). *Pumpekraft i Noreg*. Vattenfall for NVE.
- NVE (2011e). *Samkøyring av vind- og vasskraft*. Sintef Energiforsk og NVE.
- NVE (2012). Noregs vassdrags- og energidirektorat. [www.nve.no](http://www.nve.no).
- NVE Atlas (2012). Nve Atlas. Karttjeneste på nett. <http://atlas.nve.no>.
- SFE (2012a). *Bredvatn Kraftverk: Melding*. Sogn og Fjordane Energi (SFE).
- SFE (2012b). Data fra SFE-systemet. Sogn og Fjordane Energi (SFE).
- SFE (2012c). *Øksenvane rehabilitering: Mogleheitsstudium*. Sogn og Fjordane Energi (SFE).
- SFE Nett (2011). *Regional kraftsystemutgreiing for Sogn og Fjordane 2011*. SFE Nett.
- Siemens Wind (2012, Februar). Siemens wind turbine swt-3.0-101. <http://siemens.com/wind>.

- Skarstad, T. (2012). Munnleg referanse.
- Skrivarvik, K. (2012). Munnleg referanse.
- SRU (2010). *Climate-friendly, reliable, affordable: 100% renewable electricity supply by 2050*. German Advisory Council on the Environment (SRU).
- Statnett (2011). *Systemutredning av sentralnettet i Vestlandsregionen*. Statnett.
- Statnett (2012). [www.statnett.no](http://www.statnett.no).
- TU (2012). Teknisk ukeblad. [www.tu.no](http://www.tu.no).
- TVM4128 (2010). *Forelesningsnotat TVM4128 Vannkraft og vassdragsteknikk GK*. NTNU.
- Universitet Stuttgart (2010). *Potentialermittlung fur den Ausbau der Wasserkraftnutzung in Deutschland als Grundlage fur die Entwicklung einer geeigneten Ausbaustrategie*. Universitet Stuttgart.
- Vestavind Kraft (2012). Vinndata fra Marafjellet. Vestavind Kraft.

# Vedlegg

Vedlegg til rapporten er:


- Vedlegg A: Forbruksprognose
- Vedlegg B: Kostnadsberekning
- Vedlegg C: Optimalisering
- Vedlegg D: Skript til modell



## A. Forbruksprognose

Vedlegg A inneholder bakgrunnsdata for forbruksprognosene utarbeidd av SFE i samband med “Regional kraftsystemutgreiing for Sogn og Fjordane 2011” (SFE Nett 2011).

## Energiprognose, basis + mogelege industriprosjekt.



Forbruksprognose for Sogn og Fjordane (SFE Nett 2011)

## B. Kostnadsutrekning

Vedlegg B viser detaljar i utrekningane presentert i kapittel 7. For å begrense mengda, er berre minste utrekna alternativ for kvart kraftverk vist. Utrekningar før dei andre installasjonane er lagt ved elektronisk. Vedlegga ligg i rekjkjefølgja:

- Øksenelvane: 50 MW
- Åskåra 3- Øvre Bredvatn: 75 MW
- Svelgen 2: 65 MW
- Svelgen 3: 50 MW
- Isavatn Pumpekraftverk: 50 MW
- Svartevatn Pumpekraftverk: 50 MW

Kostnadstala tek utgangspunkt i “Kostnadsgrunnlag for vannkraftanlegg” publisert av NVE i 2010 (NVE 2012). Det er gitt små forklaringar til kvar post heilt til høgre. Same antakelsane er brukt for alle alternative installasjonar og lokalitetar, slik at kraftverka kan samanliknast. Produksjonsestimatet byggjer på ein totalverknadsgrad i kraftverka på 87 %, kontrollert mot interne utrekningar i SFE. For planlegging og byggjeleiing, renter i byggjetida og uføresett det tillagt 30 % på totalkostnaden. Vedlikehaldsutgiftene på gamle kraftverke er overslag som er kome fram i diskusjon med SFE. Der det ligg føre estimerte vedlikehaldskostnader, er denne kostnaden nytta.

Pumpekraftverka er kostnadsrekna som vanlege kraftverk. For dei elektromekaniske arbeida, er totalsummen tillagt 20 %. Tillegget er basert på erfaringstal for kostnadane i pumpekraftverk utan turtalsregulering.

## Øksenvenvane 50 MW

	Input	Kostnader	kr/enhet	Korr.fakt.	Antall	Kostnad	kr	84 427 478	Forklaring
<b>Oppsummert</b>									
<b>Installert Effekt</b>	<b>50 MW</b>								
<b>Sum Projekt</b>	<b>kr 253,6</b>	<b>Mill NOK</b>							
<b>Utbyggingskost</b>	<b>kr 5,1</b>	<b>Mill NOK/MW</b>							
<b>Ekstra effekt m/innsf</b>	<b>kr -1,2</b>	<b>Mill NOK/MW</b>							
<b>Inndata</b>									
Dagens Installasjon	28 MW								
Dagens Produksjon	150 GWh								
Fallhøgde	374 moh								
H_utløp	5 moh								
H0 [m]	<b>369 m</b>								
<b>Bygningsmessige arbeider</b>									
<b>Dam</b>			<b>kr</b>	<b>-</b>	<b>1</b>	<b>0 kr</b>			
<b>Inntak</b>			<b>kr</b>	<b>2 719 190</b>	<b>1,5</b>	<b>1 kr</b>	<b>4 078 785</b>		
Inntaksluke m/revisjonslu			<b>kr</b>	<b>2 400 000</b>	<b>1</b>	<b>1 kr</b>	<b>2 400 000</b>		
Utslag under vann			<b>kr</b>	<b>421 480</b>	<b>1</b>	<b>4 kr</b>	<b>1 685 920</b>		
Lukeinnstøp			<b>kr</b>	<b>25 000</b>	<b>1</b>	<b>50 kr</b>	<b>1 250 000</b>		
Lukkesjakt			<b>kr</b>	<b>1 000 000</b>	<b>1</b>	<b>1 kr</b>	<b>1 000 000</b>		
Lukehus			<b>kr</b>	<b>-</b>	<b>1</b>	<b>1 kr</b>			
Varegrind			<b>kr</b>	<b>299 650</b>	<b>1</b>	<b>1 kr</b>	<b>299 650</b>		
Forskjæring med port og på			<b>kr</b>	<b>17 618</b>	<b>0,97</b>	<b>1000 kr</b>	<b>17 089 285</b>		
Tunnel Innlopp			<b>kr</b>	<b>17 618</b>	<b>0,96</b>	<b>500 kr</b>	<b>8 456 554</b>		
+30/-20%									
<b>Tunnelarbeid</b>									
<b>Tunnel Utlopp</b>			<b>kr</b>	<b>27 475</b>	<b>1</b>	<b>500 kr</b>	<b>13 737 500</b>		
<b>Adkomsttunnel inkl. kabel</b>									
Sjakt Vannvei			<b>kr</b>	<b>29 041</b>	<b>1,04</b>	<b>250 kr</b>	<b>7 550 603</b>		
Betongpropp			<b>kr</b>	<b>926 140</b>	<b>1</b>	<b>1 kr</b>	<b>926 140</b>		
Arealinnloppstunn			<b>kr</b>	<b>18 000</b>	<b>0,96</b>	<b>50 kr</b>	<b>864 000</b>		
<b>Utløpstunnel</b>									
500 m			<b>kr</b>	<b>700 000</b>	<b>1</b>	<b>1 kr</b>	<b>700 000</b>		
Areal			<b>kr</b>	<b>421 480</b>	<b>1</b>	<b>4 kr</b>	<b>1 685 920</b>		
<b>Adkomsttunnel</b>									
500 m			<b>kr</b>	<b>-</b>	<b>1</b>	<b>0 kr</b>			
<b>Areal</b>									
<b>Sjakt vassveg</b>									
250 m			<b>kr</b>	<b>2 250</b>	<b>1</b>	<b>10090 kr</b>	<b>22 703 120</b>		
Areal Sjakt			<b>kr</b>	<b>-</b>	<b>1</b>	<b>0 kr</b>			
<b>Tverrlag - tilkomst</b>									
50 m			<b>kr</b>	<b>700</b>	<b>1</b>	<b>50000 kr</b>	<b>35 000 000</b>		
<b>Installert effekt</b>	<b>50 MW</b>		<b>kr</b>	<b>16 000 000</b>	<b>1</b>	<b>2 kr</b>	<b>32 000 000</b>		
Totalvirkningsgrad			<b>kr</b>	<b>5 200 000</b>	<b>1</b>	<b>2 kr</b>	<b>10 400 000</b>		
(nåmalt aggregat)			<b>kr</b>	<b>5 040 000</b>	<b>1</b>	<b>1 kr</b>	<b>5 040 000</b>		
<b>Tilslig</b>									
Q	<b>202 mill. m<sup>3</sup></b>		<b>kr</b>	<b>4 007 726</b>	<b>1</b>	<b>2 kr</b>	<b>8 015 452</b>		
Energiekvivalent	<b>13,8 m<sup>3</sup>/s</b>		<b>kr</b>	<b>7 922 223</b>	<b>1</b>	<b>1 kr</b>	<b>7 922 223</b>		
Produksjon	<b>0,87 kWh/m<sup>3</sup></b>		<b>kr</b>	<b>1 500 000</b>	<b>1</b>	<b>2 kr</b>	<b>3 000 000</b>		
Brukstid	<b>177 GWh</b>		<b>kr</b>	<b>-</b>	<b>1</b>	<b>1 kr</b>			
<b>3534 timer</b>									
<b>Diskonteringsfaktor</b>									
<b>Kraftpris</b>			<b>kr</b>	<b>12 500</b>	<b>2</b>	<b>50 kr</b>	<b>1 250 000</b>		
<b>m/innsparing</b>	<b>5,1 Mill NOK/MW</b>		<b>kr</b>	<b>1 000 000</b>	<b>1</b>	<b>2 kr</b>	<b>2 000 000</b>		
<b>Ekstra effekt m/innsf</b>	<b>-0,5 Mill NOK/MW</b>		<b>kr</b>	<b>160 000</b>	<b>0,75</b>	<b>50000 kr</b>	<b>6 000 000</b>		
<b>Utbyggingskost</b>	<b>5,1 Mill NOK/MW</b>		<b>kr</b>	<b>-</b>	<b>1</b>	<b>1 kr</b>			
<b>m/innsparing</b>	<b>-0,5 Mill NOK/MW</b>		<b>kr</b>	<b>12 500</b>	<b>2</b>	<b>50 kr</b>	<b>1 250 000</b>		
<b>Ekstra effekt m/innsf</b>	<b>-1,2 Mill NOK/MW</b>		<b>kr</b>	<b>1 000 000</b>	<b>1</b>	<b>2 kr</b>	<b>2 000 000</b>		
<b>Stikk svingskammer</b>			<b>kr</b>	<b>160 000</b>	<b>0,75</b>	<b>50000 kr</b>	<b>6 000 000</b>		
<b>Krav</b>			<b>kr</b>	<b>-</b>	<b>1</b>	<b>1 kr</b>			
[Ta/Tw>6]	6	0,35 OK							
<b>Sum</b>									<b>kr 253 571 698</b>

<b>Oppsummert</b>									
<b>Installert Effekt</b>	<b>50 MW</b>								
<b>Sum Projekt</b>	<b>kr 253,6</b>	<b>Mill NOK</b>							
<b>Utbyggingskost</b>	<b>kr 5,1</b>	<b>Mill NOK/MW</b>							
<b>Ekstra effekt m/innsf</b>	<b>kr -1,2</b>	<b>Mill NOK/MW</b>							
<b>Inndata</b>									
Dagens Installasjon	28 MW								
Dagens Produksjon	150 GWh								
Fallhøgde	374 moh								
H_utløp	5 moh								
H0 [m]	<b>369 m</b>								
<b>Bygningsmessige arbeider</b>									
<b>Dam</b>			<b>kr</b>	<b>-</b>	<b>1</b>	<b>0 kr</b>			
<b>Inntak</b>			<b>kr</b>	<b>2 719 190</b>	<b>1,5</b>	<b>1 kr</b>	<b>4 078 785</b>		
Inntaksluke m/revisjonslu			<b>kr</b>	<b>2 400 000</b>	<b>1</b>	<b>1 kr</b>	<b>2 400 000</b>		
Utslag under vann			<b>kr</b>	<b>421 480</b>	<b>1</b>	<b>4 kr</b>	<b>1 685 920</b>		
Lukeinnstøp			<b>kr</b>	<b>25 000</b>	<b>1</b>	<b>50 kr</b>	<b>1 250 000</b>		
Lukkesjakt			<b>kr</b>	<b>1 000 000</b>	<b>1</b>	<b>1 kr</b>	<b>1 000 000</b>		
Lukehus			<b>kr</b>	<b>-</b>	<b>1</b>	<b>1 kr</b>			
Varegrind			<b>kr</b>	<b>299 650</b>	<b>1</b>	<b>1 kr</b>	<b>299 650</b>		
Forskjæring med port og på			<b>kr</b>	<b>17 618</b>	<b>0,97</b>	<b>1000 kr</b>	<b>17 089 285</b>		
Tunnel Innlopp			<b>kr</b>	<b>17 618</b>	<b>0,96</b>	<b>500 kr</b>	<b>8 456 554</b>		
+30/-20%									
<b>Tunnelarbeid</b>									
<b>Tunnel Utlopp</b>			<b>kr</b>	<b>27 475</b>	<b>1</b>	<b>500 kr</b>	<b>13 737 500</b>		
<b>Adkomsttunnel inkl. kabel</b>									
Sjakt Vannvei			<b>kr</b>	<b>29 041</b>	<b>1,04</b>	<b>250 kr</b>	<b>7 550 603</b>		
Betongpropp			<b>kr</b>	<b>926 140</b>	<b>1</b>	<b>1 kr</b>	<b>926 140</b>		
Arealinnloppstunn			<b>kr</b>	<b>18 000</b>	<b>0,96</b>	<b>50 kr</b>	<b>864 000</b>		
<b>Utløpstunnel</b>									
500 m			<b>kr</b>	<b>700 000</b>	<b>1</b>	<b>1 kr</b>	<b>700 000</b>		
Areal			<b>kr</b>	<b>421 480</b>	<b>1</b>	<b>4 kr</b>	<b>1 685 920</b>		
<b>Adkomsttunnel</b>									
500 m			<b>kr</b>	<b>-</b>	<b>1</b>	<b>0 kr</b>			
<b>Areal</b>			<b>kr</b>	<b>2 250</b>	<b>1</b>	<b>10090 kr</b>	<b>22 703 120</b>		
<b>Sjakt vassveg</b>			<b>kr</b>	<b>-</b>	<b>1</b>	<b>0 kr</b>			
<b>Areal Sjakt</b>			<b>kr</b>	<b>-</b>	<b>1</b>	<b>0 kr</b>			
<b>Tverrlag - tilkomst</b>									
50 m			<b>kr</b>	<b>700</b>	<b>1</b>	<b>50000 kr</b>	<b>35 000 000</b>		
<b>Installert effekt</b>	<b>50 MW</b>		<b>kr</b>	<b>16 000 000</b>	<b>1</b>	<b>2 kr</b>	<b>32 000 000</b>		
Totalvirkningsgrad			<b>kr</b>	<b>5 200 000</b>	<b>1</b>	<b>2 kr</b>	<b>10 400 000</b>		
(nåmalt aggregat)			<b>kr</b>	<b>5 040 000</b>	<b>1</b>	<b>1 kr</b>	<b>5 040 000</b>		
<b>Tilslig</b>									
Q	<b>202 mill. m<sup>3</sup></b>		<b>kr</b>	<b>4 007 726</b>	<b>1</b>	<b>2 kr</b>	<b>8 015 452</b>		
Energiekvivalent	<b>13,8 m<sup>3</sup>/s</b>		<b>kr</b>	<b>7 922 223</b>	<b>1</b>	<b>1 kr</b>	<b>7 922 223</b>		
Produksjon	<b>0,87 kWh/m<sup>3</sup></b>		<b>kr</b>	<b>1 500 000</b>	<b>1</b>	<b>2 kr</b>	<b>3 000 000</b>		
Brukstid	<b>177 GWh</b>		<b>kr</b>	<b>-</b>	<b>1</b>	<b>1 kr</b>			
<b>Diskonteringsfaktor</b>									
<b>Kraftpris</b>			<b>kr</b>	<b>12 500</b>	<b>2</b>	<b>50 kr</b>	<b>1 250 000</b>		
<b>m/innsparing</b>	<b>-0,5 Mill NOK/MW</b>		<b>kr</b>	<b>1 000 000</b>	<b>1</b>	<b>2 kr</b>	<b>2 000 000</b>		
<b>Ekstra effekt m/innsf</b>	<b>-1,2 Mill NOK/MW</b>		<b>kr</b>	<b>160 000</b>	<b>0,75</b>	<b>50000 kr</b>	<b>6 000 000</b>		
<b>Utbyggingskost</b>	<b>5,1 Mill NOK/MW</b>		<b>kr</b>	<b>-</b>	<b>1</b>	<b>1 kr</b>			
<b>m/innsparing</b>	<b>-0,5 Mill NOK/MW</b>		<b>kr</b>	<b>12 500</b>	<b>2</b>	<b>50 kr</b>	<b>1 250 000</b>		
<b>Ekstra effekt m/innsf</b>	<b>-1,2 Mill NOK/MW</b>		<b>kr</b>	<b>1 000 000</b>	<b>1</b>	<b>2 kr</b>	<b>2 000 000</b>		
<b>Plantelegging, byggledelelse og uforutsett</b>			<b>kr</b>	<b>15</b>	<b>1,00</b>	<b>27 kr</b>	<b>280 265 781</b>		
<b>Stikk svingskammer</b>			<b>kr</b>		<b>30 %</b>	<b>kr</b>	<b>120 000 000</b>		
<b>Krav</b>			<b>kr</b>				<b>160 265 781</b>		
[Ta/Tw>6]	6	0,35 OK							
<b>Sum</b>									<b>kr 253 571 698</b>

<b>Oppsummert</b>									
<b>Installert Effekt</b>	<b>50 MW</b>								
<b>Sum Projekt</b>	<b>kr 253,6</b>	<b>Mill NOK</b>							
<b>Utbyggingskost</b>	<b>kr 5,1</b>	<b>Mill NOK/MW</b>							
<b>Ekstra effekt m/innsf</b>	<b>kr -1,2</b>	<b>Mill NOK/MW</b>							
<b>Inndata</b>				</td					

## Åskåra Bredvatn 75 MW

	Input	Kostnader	Korr.fak Antall	Kostnad	Forklaring
		kr/enhet		kr	
<b>Oppsumert</b>				<b>169 221 794</b>	
<b>Installert Effekt</b>	<b>75 MW</b>				
<b>Sum Prosjekt</b>	<b>kr 407,1</b>	Mill NOK		<b>3 000 000</b>	5m høg hvelvdam. 50 m.
<b>Utbyggingskost</b>	<b>kr 5,4</b>	Mill NOK/MW		<b>1 950 000</b>	Glideute. V=2m/s. Revisjonsluke gir 70% tillegg. H=20
<b>Ekstra effekt m/mnspur</b>	<b>kr -0,3</b>	Mill NOK/MW		<b>2 400 000</b>	L=H/20; H=80; Som tverrlagsprop;
				<b>1 685 920</b>	50 m sjakt; 10 000/m for boring, 15 000 for bygningsarbeid
				<b>500 000</b>	Inkludert under diverse utstyr
				<b>1 000 000</b>	
<b>Innldata</b>					
Dagens Installasjon	<b>0 MW</b>				
Fallhøgde	<b>834 moh</b>				
H_ utløp	<b>5 moh</b>				
HO [m]	<b>829 m</b>				
<b>Innløptunnel</b>					
Areal Imløpstunnel	<b>4500 m<sup>2</sup></b>				
Utløpstunnel	<b>18 m<sup>2</sup></b>				
Areal	<b>1500 m</b>				
Tilkomsttunnel	<b>18 m<sup>2</sup></b>				
Areal	<b>500 m</b>				
<b>Sjakt vaseveg</b>					
Areal Sjakt	<b>35 m<sup>2</sup></b>				
Twerslag -tilkomst	<b>0 m</b>				
<b>Installert effekt</b>	<b>75 MW</b>			<b>89 421 279</b>	+10-20%
Totalvirkningsgrad n(antall aggregat)	<b>0,87</b>			<b>35 000 000</b>	n=600;
	<b>1</b>			<b>10 000 000</b>	145kV
				<b>5 040 000</b>	Dobbel samleskinne
<b>Tilslig</b>				<b>6 206 403</b>	
	<b>138 mill. m<sup>3</sup></b>			<b>9 674 876</b>	75 MW/Tillegg for adkomsttunnel
Q	<b>9,2 m<sup>3</sup>/s</b>			<b>3 000 000</b>	1500m kabel; 132kV
Energiekvivalent	<b>1,97 kWh/m<sup>3</sup></b>			<b>20 500 000</b>	Grovt anslag; Ref Kristen Skrivarkiv
Produksjon	<b>27,1 GWh</b>				
Bruktid	<b>3616 timer</b>				
<b>Maskintekniske arbeider</b>				<b>54 500 000</b>	+20%
Diskonteringsfaktor	<b>15</b>			<b>45 000 000</b>	Pelton-turbin fra Håndbok 2; n=600
Kraftpris	<b>0,4 NOK/kWh</b>				
<b>Utbyggingskost</b>	<b>5,4 Mill NOK/MW</b>				
m/mnsparing	<b>-0,3 Mill NOK/MW</b>				
<b>Ekstra effekt m/mnspur</b>	<b>-0,3 Mill NOK/MW</b>				
<b>Sjekt svingskammer</b>					
Krav	<b>Ta</b>				
	[Ta/Tw>6]				
	<b>6</b>	0,28 OK			
				<b>93 942 922</b>	30% av totalkostnader
				<b>Sum</b>	
				<b>kr 407 085 996</b>	

Post	Bygningsmessige arbeider	Kostnader	Korr.fak Antall	Kostnad	Forklaring
		kr/enhet		kr	
<b>Dam</b>	Buedam	Kr 12 000	1	250 kr	5m høg hvelvdam. 50 m.
<b>Inntak</b>	Inntaksluke m/revisjonsluke	Kr 1 300 000	1,5	1 kr	Glideute. V=2m/s. Revisjonsluke gir 70% tillegg. H=20
	Utslag under vann	Kr 2 400 000	1	1 kr	
	Lukeinnstøp	Kr 421 480	1	4 kr	L=H/20; H=80; Som tverrlagsprop;
	Lukesjakt	Kr 25 000	1	20 kr	50 m sjakt; 10 000/m for boring, 15 000 for bygningsarbeid
	Lukehus	Kr 1 000 000	1	1 kr	
	Varegrind	Kr -		-	Inkludert under diverse utstyr
	Forskærинг med port og påhuk	Kr -		-	
	Tunnel Innlopp	Kr 17 618	1,15	4500 kr	Korreksjon for lang tunnel
	Tunnel Utlopp	Kr 17 618	0,96	1500 kr	
	Adkomsttunnel inkl. kabelluk	Kr 27 475	1	500 kr	200m ekstra (tilkomst dvr tunellar, trafrom, rømmingsveg)
	Sjakt Vannvei	Kr 27 350	1	0 kr	
	Betongprop	Kr 108 000	1	41 kr	Sprengt sjakt
	Tverslag tilkomst	Kr 18 000	1	0 kr	H=800m;Estrapolasjon graf. Lengde =H/20
	Tverslagsport	Kr 1 000 000	1	0 kr	A=18m2
	Tverslagsprop	Kr 700 000	1	0 kr	2,5*3m; H=200m
	Svingekammer	Kr -		-	L=H/20; H=200;
	Stasjonshall	Kr 2 250	1	10636 kr	ingen behov
	Vegarbeid	Kr -		-	
	Helikopterutgifter	Kr 13 000	1	0 kr	God eksisterende tilkomst
